






Kartlegging og verdisetting av

Naturtypar i Fjell



Fjell kommune og
Fylkesmannen i Hordaland
2003

Kartlegging og verdisetting av

Naturtypar i Fjell

Fjell kommune og
Fylkesmannen i Hordaland
2003

MVA-rapport 11/2003

Foto på framsida, ovanfrå (foto Bjørn Moe):

- 1) Ved Fjellspollen, 2) Sauer på beite i lyngheia på Algrøyna, 3) Purpurlyng, 4) Steingard ved Steinafjellet, 5) Kråkøyna, 6) Havburkne frå Sveksteinen

| | |
|--|--|
| Ansvarlege institusjonar Fjell kommune og Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernnavdelinga | Rapport nr: MVA-rapport 11/2003 |
| Tittel: Kartlegging og verdisetting av naturtypar i Fjell. | ISBN: 82-8060-018-3 ISSN: 0804-6387 |
| Forfattar: Bjørn Moe | Tal sider: 69 |
| Kommunalt prosjektansvarleg: Ingrid Torsnes (avdelingsleiar miljø og ressurs) | Dato: 30.08.2003 |
| <p>Samandrag: Rapporten er i basert på eige feltarbeid i Fjell kommune i tida august - oktober 2001 og litt supplerande arbeid våren 2002. Det er i innhenta mykje førehandsopplysningar basert på feltarbeidet til Alv Terje Fotland på slutten av 1990-tallet. Fleire lokalitetar er henta direkte frå dette arbeidet. Kartlegginga følgjer metoden omtala i DN-handbok 13 (1999).</p> <p>15 av naturtypane skildra i DN-handboka er funne i Fjell. Det er registrert til saman 66 lokalitetar som er verdisett etter ein tredelt skala. 13 område er vurdert som svært viktige (A-område). Det er dei mange lokalitetane med den sjeldne bregna havburkne som gir dette høge talet av A-område. 22 område er vurdert som viktige (B-område) og 31 som lokalt viktige (C-område). Kvart enkelt område blir skildra på eigne faktaark. Områda er avgrensa på kart og digitaliserte.</p> <p>Det er laga ei oversikt over alle registrerte karplantar i kommunen med frekvens på dei ulike naturtypane (Vedlegg 1).</p> | |
| <p>Referanse: Moe, B. 2003. Kartlegging og verdisetting av naturtypar i Fjell. – Fjell kommune og Fylkesmannen i Hordaland, MVA-rapport 11/2003: 1-69.</p> | |
| <p>Emneord: Biologi, botanikk, flora, naturtypar, raudlisteartar, vegetasjon</p> | |
| Fjell kommune Postboks 184 5342 Straume Tlf: 56 32 64 00, Fax: 56 32 65 00 www.fjell.kommune.no | Fylkesmannen i Hordaland Miljøvernnavdelinga Postboks 7310 5020 Bergen Tlf: 55 57 22 00 Fax: 55 57 22 01 www.fylkesmannen.no/hordaland www.miljostatus.no/hordaland |

FORORD

Det vart i Stortingsmelding 58 (1996-97) ”Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling” sett som mål at alle kommunane i Noreg skulle ha gjennomført kartlegging og verdisetting av det biologiske mangfaldet i kommunen innan 2003. Eit utval av naturtypar i Fjell kommune er no kartlagt og verdsett i samsvar med DN-handbok 13 ”Kartlegging av naturtyper. Verdisetting av Biologisk mangfold”, utgjeve av Direktoratet for naturforvaltning (DN) i 1999.

Feltregistreringa vart utført av botanikar Bjørn Moe i 2001, samt litt utfyllande feltarbeid våren 2002. Som eit underlag til arbeidet fekk Bjørn Moe tilgang til Fjell kommune sitt tidlegare registreringsarbeid som var utført av Alv Terje Fotland på slutten av 1990-talet. Fotland har registrert fleire hundre lokalitetar med artslistar i hovudsak karplanter. Lokalitetane er òg dokumentert med fotografi. Det var ei sentral oppgåve for Bjørn Moe å finne fram til kven av Fotland sine registreringar som skulle prioriterast og kartleggjast etter metoden i DN-handbok 13.

Det har vore gjennomført relativt grundige synfaringar på øyane i vest. Den ytre skjergarden vart undersøkt frå båt, og ein gjekk i land på dei mest interessante øyane. Bjørn Moe har i dette arbeidet fått hjelp av Stig Guntveit som har kome med nyttige bidrag om fleire interessante artar og lokalitetar.

Rapporten er skriven av Bjørn Moe i samarbeid med Olav Overvoll ved Fylkesmannen i Hordaland si miljøavdeling.

Rapporten gir Fjell kommune eit underlagsmateriell som kan gjere kommunen i stand til å ta naudsynte omsyn til naturverdiar i framtidig arealplanlegging.

Straume, 08.10.03

Atle Justad
Teknisk sjef

Ingrid Torsnes
Avdelingsleiar

INNHOLD

| | |
|--|----|
| FORORD | 5 |
| INNHOLD | 7 |
| INNLEIING | 9 |
| Kva er biologisk mangfald? | 9 |
| Bakgrunnen for kartlegging av biologisk mangfald | 9 |
| Kvifor ta vare på biologisk mangfald? | 10 |
| FRAMSTILLING OG BRUK AV KART OVER BIOLOGISK MANGFALD | 11 |
| Kva skal kartleggast? | 11 |
| Kartframstilling | 11 |
| Brukarar | 11 |
| Oppdatering og revisjon | 11 |
| NATURGRUNNLAGET I FJELL | 12 |
| Geologi, klima og vegetasjonsseksjon | 12 |
| NATURTYPAR | 14 |
| Generelt | 14 |
| Naturtypar i Fjell | 16 |
| <i>Myr (A)</i> | 16 |
| <i>Rasmark, berg og kantkratt (B)</i> | 18 |
| <i>Kulturlandskap (D)</i> | 19 |
| <i>Ferskvatn/våtmark (E)</i> | 20 |
| <i>Skog (F)</i> | 21 |
| <i>Kyst og havstrand (G)</i> | 22 |
| RAUDLISTEARTAR | 23 |
| Generelt | 23 |
| Raudlista planteartar i Fjell | 24 |
| LITTERATUR | 25 |
| KART OG FAKTAARK | 27 |
| ARTSLISTE KARPLANTAR | 63 |

INNLEIING

KVA ER BIOLOGISK MANGFALD?

Biologisk mangfald er variasjonen av livsformer, livsformene sitt arrestoff og det samspelet desse organismane er ein del av. Ein snakkar altså om variasjon på tre nivå: Økosystem, artar og gener.

Dei ulike artane er avhengige av bestemte økosystem for å kunne eksistere. Eit økosystem kan definerast som ei samling plantar og dyr som lever i eit samspel med kvarandre under gitte fysiske og kjemiske forhold. Naturtypane i denne rapporten er døme på ulike økosystem. Det å sikre eit størst mogleg mangfald i økosystem er den beste måten å sikre artsmangfaldet på, fordi ein på denne måten tar vare på ulike artar sine leveområde. Å ta vare på tilstrekkeleg mange einingar av kvar naturtype er viktig med tanke på genetisk variasjon. Genetisk variasjon er variasjonen i arveeigenskapar innan ein art. Genetisk variasjon sikrar dei ulike organismane si tilpassingsevne til endra miljøforhold og er viktig for artane si evne til å overleve på lang sikt.

BAKGRUNNEN FOR KARTLEGGING AV BIOLOGISK MANGFALD

I 1993 underteikna Noreg Riokonvensjonen. Dette er ein internasjonal avtale som forpliktar alle land å kjenne til og ivareta det biologiske mangfaldet innan landet sine grenser. Bakgrunnen for ein slik internasjonal avtale er at areala av ulike naturtypar, som ei følgje av ulike former for menneskeleg aktivitet, blir redusert i raskt tempo. På grunn av reduserte leveområde har fleire plante- og dyreartar gått kraftig tilbake, og utbreiinga til mange artar er truga av utrydding dersom dei negative faktorane fortsetter å virke. Ved sidan av introduksjon av framande artar, blir øydelegging av leveområda rekna som det største trugsmålet mot det biologiske mangfaldet globalt i dag.

Sjølv om vi i Noreg har mykje natur, blir også våre naturområde i aukande grad utsette for inngrep av ulike slag. Dette gjeld i særleg grad produktive område under skoggrensa, og det er her ein finn den største variasjonen når det gjeld biologisk mangfald. Utbygging av bustadhus, fritidshus, næringsverksemder og infrastruktur utgjer eit stadig større press på desse areala.

I tråd med avtalar gjennom Riokonvensjonen vart det i Stortingsmelding 58 (1996-97) ”Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling” uttrykt ei politisk målsetjing om at alle landets kommunar skal ha gjennomført kartlegging og verdiklassifisering av det biologiske mangfaldet på kommunens areal i løpet av år 2003. Som ei oppfølging av dette gav Direktoratet for naturforvaltning i 1999 ut ei handbok i kartlegging av naturtypar og verdisetjing av biologisk mangfald (DN-håndbok 13-1999), for å sikre at kartleggingsarbeidet i størst mogleg grad blir samanliknbart over kommunegrensene.

Lokalt er det kommunane som må innarbeide omsyn til biologisk mangfald i kommuneplanen. Men kunnskapsgrunnlaget om lokalt biologisk mangfald er tilfeldig og stort sett altfor dårlig. For å kunne ta dei naudsynte omsyn til biologisk mangfald lokalt, må lokale naturverdiar kartfestast. Deretter må dei på forsvarleg vis bli integrerte i det lokale planarbeidet. Ved ei god oversikt over dei mest verdfulle naturområda i kommunen, langsiktig planlegging og aktiv bruk av verkemidla i Plan- og bygningslova, kan kommunen redusere konfliktane mellom bruk og vern av areal og styre utviklinga i større grad enn i dag. Karta over viktige natur-

område vil vere eit viktig bidrag til å kunne utføre ei meir presis og prediktabel arealforvalting i kommunen.

Data frå kartlegginga vil òg inngå i regional- og nasjonal miljøstatistikk og danne grunnlag for handlingsplanar og tiltak på regionalt- og nasjonalt nivå.

Ikkje minst er det eit ønskje at kartlegginga skal medverke til å auke interesse og kunnskap om naturen blant kommunen sine innbyggjarar. Det er difor ønskjeleg at rapport og kart blir gjort tilgjengeleg for skular, frivillige organisasjonar og andre naturinteresserte.

KVIFOR TA VARE PÅ BIOLOGISK MANGFALD?

Noreg har ratifisert (underteikna og gitt si tilslutning til) fleire internasjonale avtalar som er sette i verk for å sikre det biologiske mangfaldet. Internasjonale avtalar forpliktar også på lokalt plan, fordi det er her mykje av den praktiske forvaltninga finn stad. Riokonvensjonen eller Biodiversitetskonvensjonen (1993) er den avtalen som i størst grad har konsekvensar på lokalt plan, fordi den understrekar verdien av lokalt biologisk mangfald. Denne konvensjonen er ei viktig årsak til at den nasjonale forvaltninga ønskjer å satse på ei landsdekkjande, kommunevis kartlegging av biologisk mangfald.

Grunnen til at vern av biologisk mangfald har blitt gjenstand for både internasjonale- og nasjonale lovverk og avtalar er mange, men dei fleste er bygde på erkjenninga at vi sjølv er ein del av naturen og er heilt avhengige av naturprodukt for å overleve. Grovt sett kan argumenta delast inn i tre hovudgrupper:

Økonomiske-/materielle argument: Mennesket er ein del av naturen, og det å ta vare på flest moglege naturmiljø sikrar vår eigen eksistens og velstand. Mat, medisinar, brensel, byggemateriale osv. er i utgangspunktet naturprodukt. Sjølv om ikkje alle organismar ser ut til å vere like nyttige, representerer dei ein potensiell verdi som kan tenkjast å bli viktig i framtida. Vi har framleis manglande kunnskap om mange sider ved samspelet organismane i mellom, noko som gjer det fornuftig å ha ei føre var haldning. Genetisk variasjon er viktig fordi det sikrar dei ulike organismane si tilpassingsevne til endra miljøforhold. Menneska har direkte nytte av genetisk variasjon t.d. når det gjeld planteforedling, husdyravl og motarbeiding av sjukdommar.

Kulturelle-/estetiske argument: Aktivitetar som jakt/fangst og sinking har lange tradisjonar, og sjølv om vi ikkje lever like nært naturen i dag, er slike aktivitetar for mange ein viktig trivselsfaktor. For mange er naturen ei kjelde til rike naturopplevingar også utan dei tradisjonelle aktivitetane med direkte unyttig av naturressursar. Særinteressene er mange, som t.d. mosjon, fotografering og fuglekikking, men for mange er eit biologisk mangfald også ei kjelde til rikare naturoppleving.

Etiske-/moralske argument: ”Alle levande organismar har den same retten til liv, uavhengig av om dei synes til nytte eller skade for mennesket.” Mennesket er den einaste arten som med fullt medvit kan utrydde andre artar. Dette gir oss eit særskilt ansvar. I eit evolusjonsmessig perspektiv er mennesket dessutan ein svært ”ung” art. Vi har òg eit ansvar i forhold til framtidige generasjonar sine behov for naturbruk og naturopplevingar.

FRAMSTILLING OG BRUK AV KART OVER BIOLOGISK MANGFALD

KVA SKAL KARTLEGGAST?

Metoden for kartlegging og verdisetjing av biologisk mangfald er nærmare skildra i ulike handbøker utgjevne av Direktoratet for naturforvaltning. I korte trekk går kartlegginga ut på å plukke ut og kartfeste område som er særleg viktig for det biologiske mangfaldet. Det er eit mål å få god oversikt over følgjande område:

- Viktige naturtypar (DN-handbok 13-1999)
- Viktige område for viltet (DN-handbok 11-1996, revidert internettutgåve 2001)
- Viktige ferskvasslokalitetar (DN-handbok 15-2001, berre internettutgåve)
- Viktige marine område (DN-handbok 19-2001)
- Førekomst av raudlisteartar (DN-rapport 1999-3)

Denne rapporten omhandlar naturtypar og raudlista planteartar. Fjell kommune har tidlegare gjennomført ei kartlegging av viktige viltområde, denne er no til revisjon.

KARTFRAMSTILLING

Alle temakart blir digitaliserte med grunnlag i manuskart utarbeidd gjennom kartlegginga. Digitaliseringa gjer at datasetta lett kan tilpassast digitale innsynsverkty, og kommunen kan etter ønskje og behov, relativt enkelt utarbeide eigne kart for dei ulike tema.

Til bruk i arealplanlegginga er det ønskjeleg at kommunen får utarbeidd samlekart over område med høg verdi for biologisk mangfald. Dette går i korte trekk ut på å synleggjere område med stor biologisk verdi ved å slå saman alle opplysningar om biologisk mangfald i kommunen (naturtypar, viltområde, ferskvatn, marine område og raudlisteartar). Direktoratet for naturforvaltning har gitt ut ein rettleiar for framstilling av slike kart (DN 2000).

BRUKARAR

Karta over biologisk mangfald er først og fremst meint å vere ein reiskap til bruk i arealplanlegginga. Kommunen er difor viktigaste brukar, men også anna offentleg og privat forvalting vil kunne bruke desse datasetta i ulike samanhengar. Det er eit ønskje at den enkelte grunneigar skal ta omsyn til biologisk mangfald på sin grunn. Aktuelle grunneigarar skal difor informerast og få tilgang til relevante opplysningar. Skular bør få tilgang til rapport og kart til bruk i lokalundervisninga. Relevante lag, organisasjonar eller enkeltpersonar vil, gjennom kjennskap til kart og rapport kunne kome med konstruktive innspel til endringar og nye lokalitetar.

OPPDATERING OG REVISJON

Ei kartlegging av det biologiske mangfaldet kan aldri bli endeleg. Naturen er i stadig endring, både naturleg, ved suksjon, og ved menneskeleg påverknad ved endra arealbruk og tekniske inngrep. Dessutan aukar kunnskapsgrunnlaget om biologisk mangfald stadig. For å fange opp endringar og tilføre ny kunnskap er det difor viktig at karta blir oppdaterte med jamne mellomrom. Ein hovudrevisjon kvart fjerde år, i samband med revisjon av kommuneplanen, kan vere ei fornuftig framdrift i forhold til oppdatering. Det vil likevel vere ønskjeleg at endringar og nye opplysningar blir oppdaterte fortløpande.

NATURGRUNNLAGET I FJELL

GEOLOGI, KLIMA OG VEGETASJONSSEKSJON

Fjell er ei øykommune der storparten av arealet ligg på øya Sotra heilt vest i Hordaland (sjå forside og Kart 1). På innsida av Sotra ligg øyane Littlesotra, Bildøy og Bjørøy i tillegg til nokre småøyar. I havgapet utanfor Sotra ligg det ein heil skjergard av øyar og små holmar. Geografisk kan Fjell delast i tre ulike soner: ein vestleg skjergard, øyane i aust og Sotra i midten.

Det er ikkje mykje høge fjell i kommunen, men fjellryggen med Liatårnet (341 moh) er dominante nok til å kunne forsvare namnet Fjell. Det er mykje nakent fjell og skrinn jord i heile kommunen. Forklaringa ligg i bergarten gneis som dominerer, spesielt på Sotra og øyane i vest. Gneisen er hard og forvitrar seint, og det blir frigjort lite mineral til jorda. Minerala inneholder mykje kvarts som manglar plantenæringsstoff. Difor er mesteparten av jorda næringsfattig og grunnlendt, spesielt der det er lite lausmassar.

Det er forholdsvis mykje torvjord i kommunen, sjølv om dei enkelte myrane helst er små i utstrekning. Frå myrane har det opp gjennom tidene vore spadd ut store mengder torv til brensel, noko som òg kan ha gjort at det er har kome fram mykje fjell i dagen. Mosaikken av myr, lynghei og naken berg er eit karakteristisk trekk i landskapet.

Klimaet i Fjell er utprega oseanisk med relativt milde vintrar, der middeltemperaturen for januar er rundt 1 °C. For den varmaste månaden, juli, er temperaturen rundt 14 °C. Når det er vestaver er det havet som legg premissane for klimaet, ofte med sterkt vind og lite variasjon i temperaturen. Havet jamnar ut temperaturen i lufta gjennom skiftande årstider. Havvatnet blir varma opp om våren og forsommaren, og som eit stort magasin held det lenge på varmen utover hausten og vinteren. Dette reduserar risikoen for tidleg nattefrost om hausten. Vekstsesongen blir dermed lang, som ein kompensasjon for at han ikkje er særleg varm.

I floraen finn vi artar som ikkje tåler streng kulde om vinteren. Desse tilhøyrer kystfloraen sidan dei berre veks i eit belte langs vestlanskysten (jfr. Fægri 1960). Blant slike arter finn vi til dømes kusymre, purpurlyng, hinnebregne og havburkne (Figur 1, 2 og 7). I Fjell veks desse artane frå den vestlege skjergarden til områda lengst mot aust, og viser at kystfloraen famnar over heile kommunen.

Dei mange oseaniske plantane er eit viktig kriterium for å plassere Fjell i den sterkt oseaniske vegetasjonsseksjonen, O3 (Moen 1998). Heile kommunen ligg også innanfor grensa til O3t som er ein vintermild underseksjon. Denne er karakterisert av eit planteliv med særleg frostvare artar.



Figur 1. Hinnebregne er ganske vanleg i nordvendte berg med høg fukt i lufta.



Figur 2. Havburkne veks ei rekkje stader i bergsprekker i den vestlege skjergarden i Fjell. Ein av dei største førekommstane er på øya Sveksteinen.

NATURYPAR

GENERELT

Direktoratet for naturforvaltning har plukka ut 56 naturypar på landsbasis som blir rekna som spesielt viktige for biologisk mangfold og som difor skal kartleggast (DN-handbok 13, 1999). 50 av desse naturypane finst også i Hordaland. Naturypane som er valt ut har element av både vegetasjon, zoologi, geologi, kulturpåverknad og landskap og er eit slags felles multiplum for å fange opp alle viktige variasjonar på økosystemnivå. Kriterie som er brukt ved utveljinga av kva naturypar som skal kartleggast er:

Førekomst av raudlisteartar, dvs. artar som på ein eller anna måte er trua, ofte ved at habitatt/leveområdet blir øydelagd.

Kontinuitetsområde, dvs. område som har hatt stabile økologiske forhold over lang tid, t.d. urskog/gammalskog og gamle, ugjødsla beite- og slåttmarker.

Særlig artsrike område, område som har eit stort arts mangfold på eit avgrensa areal. Omgrepet ”artsrik” er relativt og må sjåast i samband med potensialet i regionen. Rikmyr og fukteng er døme på naturypar som ofte er artsrike.

Sjeldne naturypar. Dette gjeld naturypar som er sjeldne på landsbasis. På kommunenivå er det likevel òg viktig å få registrert naturypar som er sjeldne lokalt, sjølv om dei kan vere vanlege andre stader. Område med naturskog i Fjell er eit døme på dette. I andre tilfelle kan ein naturtype som er relativt sjeldan på landsbasis vere nokså utbreidd og vanleg lokalt. I slike tilfelle bør ein skilje ut dei viktigaste områda.

Viktig biologisk funksjon. Dette gjeld ofte område som isolert sett kan virke nokså ordinære, men på grunn av plassering i landskapet har ein nøkkelfunksjon for ein eller fleire artar. Døme på dette er bekkar og kantskog gjennom større, einsarta åkerlandskap som fungerer som refugier og spreingskorridorer.

Spesielle artar og samfunn. Ein del naturypar er sterkt prega av spesielle økologiske forhold. Ikke nødvendigvis artsrike lokalitetar, men området kan innehalde artar som er sterkt spesialiserte. Døme på slike naturypar er fossesprøytsoner, brannfelt og kjelder.

Høg biologisk produksjon. Naturypar med høg biologisk produksjon som følgje av høg tilførsel og omsetjing av organisk materiale. Sjølv om slike område ikkje treng vere spesielt artsrike, har dei ofte høg tettleik av individ. Flaummarkskogar og sumpskog langs vassdrag, som kan ha svært høge tettleikar av sporvefugl, er eit typisk døme på dette.

Sterk tilbakegang. Endra teknologi og arealbruk har ført til at enkelte naturypar har blitt sjeldnare. Døme: Beite- og slåttmarker, skogsbeite, elvedelta og gammalskog/urskog.

Alle lokalitetar med ein bestemt naturtype er ikkje alltid like viktige. Verdisettinga kan variere frå lokalitet til lokalitet, sjølv om vi har med den same naturtypen å gjere. Her bruker ein eit sett kriterie som støtte under verdivurderinga.

| Kriterie for verdisetting: | Skala for verdisetting: |
|--|---|
| <ul style="list-style-type: none">• Storleik• Grad av tekniske inngrep• Førekomst av raudlisteartar• Kontinuitetspreg• Sjeldne utformingar | <p>A: Svært viktig B: Viktig C: Lokalt viktig</p> |



Figur 3. Mange av dei kartlagte områda ligg i den ytre skjergarden vest for Sotra, som her ved Løno.



Figur 4. Pusleblom veks på strandberg på nordsida av Løno.

NATURYPAR I FJELL

I Fjell kommune er det registrert 15 naturypar av dei som er skildra i DN-handbok 13. Dei er fordelt på seks av hovudtypane (berre kalkrike område i fjellet manglar). I tillegg er det registrert ein naturtype, ”nordvendte kystberg”, som ikkje blir fanga opp av DN-handboka, men som er viktig veksestad for enkelte skuggekrevjande artar, t.d. hinnebregne. Det er òg registrert tre spesielle førekommstar av raudlisteartar i område som ikkje fell inn under nokon under-type. I Tabell 1 er desse ført opp under dei aktuelle hovudnaturypene. Totalt 66 lokalitetar er kartlagte med totalt 71 naturtypeeininger. Korleis desse fordeler seg på dei ulike naturypene går fram av Tabell 1. Den geografiske fordelinga er vist på Kart 2 og ei liste over lokalitetane er gitt i Tabell 4. Kvar enkelt lokalitet er til slutt gitt ein eigen omtale (s. 35-61).

Tabell 1. Kartlagte naturtyper i Fjell og fordelt på naturtype og verdi.

| Hovedtype (tal lokalitetar) | Undertype | Kode | Verdi | | | Total* |
|---------------------------------|---------------------------------|------|-------|----|----|--------|
| | | | A | B | C | |
| Myr (5) | Intakt lavlandsmyr | A01 | 1 | 1 | 2 | 4 |
| | Rikmyr | A05 | | 1 | | 1 |
| Rasmark, berg og kantkratt (20) | Sørsvendt berg og rasmark | B01 | 9 | | 2 | 11 |
| | Nordvendt kystberg | H00 | | 2 | 7 | 9 |
| Kulturlandskap (8) | Naturbeitemark | D04 | 1 | | | 1 |
| | Kystlynghei | D07 | | 4 | 1 | 5 |
| | (Førekommst av raudlisteart) | - | | 2 | | 2 |
| Ferskvatn/våtmark (12) | Mudderbankar | E02 | | | 6 | 6 |
| | Rike kulturlandskapssjøar | E08 | | 1 | 4 | 5 |
| | (Førekommst av raudlisteart) | - | | 1 | | 1 |
| Skog (7) | Rik edellauvskog | F01 | 2 | | 2 | 4 |
| | Gammal lauvskog | F07 | | | 1 | 1 |
| | Bekkekløfter | F09 | | 1 | | 1 |
| | Kystfuruskog | F12 | | | 1 | 1 |
| Havstrand/kyst (19) | Strender (sand/grus/rullestein) | G04 | | 5 | | 5 |
| | Strandeng og strandsump | G05 | 2 | 1 | 6 | 9 |
| | Brakkvasspollar | G08 | 1 | 1 | 2 | 4 |
| | Kalkrikte strandberg | G09 | | | 1 | 1 |
| Totalt | | | 14 | 22 | 35 | 71 |

* Det er kartlagt 66 lokalitetar i Fjell (Tabell 4, Kart 2). Nokre av dei inneholder meir enn ein naturtype, og dette er grunnen til at talet på naturtypeførekommstar er høgare enn talet på lokalitetar.

I det følgjande blir det gitt ein kort omtale av dei ulike hovudnaturypene og førekomensten av desse i Fjell. For ei generell og meir detaljert skildring av hovudnaturypene viser ein til Fremstad (1997) og DN (1999).

Myr (A)

Myr er eit økosystem med høg grunnvasstand som blir danna der klimaet er relativt kjølig og nedbøren høgare enn fordampinga. På slike stader vert det mangel på oksygen, og nedbrytinga av daudt organisk materiale stoggar heilt eller delvis opp. Difor skjer det ei opphoping av planterestane og det blir danna ei organisk jord, eller torv. Det finst fleire måtar å klassifisere myr på, m.a. etter korleis dei har blitt danna, hydrologi, utforming og vegetasjon (Fremstad 1997, Moen 1998, DN 1999).



Figur 5. Ved Oldervadet ligg eit stort og interessant myrområde. Delar av området er ope vatn som held på å gro til med torv.



Figur 6. På Sandøyna lengst nordvest i Fjell ligg det ei lita sandstrand. Denne naturtypen er sjeldan både i kommunen og elles i fylket.

Myrane har både direkte og indirekte verknad på biologisk mangfald. Mange artar er direkte knytt til myr som veksestad eller leveområde, og myrane har dessutan ein viktig funksjon som vassmagasin og naturlege reinseanlegg.

Myr kan bli danna på mange ulike måtar. I Fjell er det mykje attgroingsmyr, eller blautmyr, som ofte står i samband med vatn eller små tjørn. Langs vatnet veks det flytande matter som gradvis fyller tjørnet med torv. Dersom vatnet ikkje er for djupt, vil det etter kvart bli heilt attgrodde og forsvinne. Mange stader der det i dag ligg tett torv på ei jamn myroverflate har det vore eit vatn, kan hende for nokre få hundre år sidan.

Myr vert også danna i skrånande terreng, gjerne i llynghøia mellom knausane i det kuperte terrenget. Dette vert kalla terregdekande myr. Ved kysten er det høg luftfukt og relativt kjølige somrar med låg fordamping, det er også lite skog som kan suge opp vatn frå jorda. Dermed har terregdekande myrar blitt danna over nokså store område. Også i Fjell har denne myrtypen hatt stor utbreiing, men det finst ikkje mykje att i dag. Gjennom lang tid har mennesket skore torv til brensel, og restane av jorda og tova har blitt vaska vekk av nedbør. Resultatet ser vi i dag der berre det grå berget ligg att. På denne måten fekk vi danna ”Det grå riket” som Fjell også har vore kalla (Krzywinski 1996).

Myrane i Fjell er fattige fordi det er lite næring i den sure gneisen. Det finst likevel små område med rikmyr som kan skuldast lausmassar av mineralrik leire eller skjelsand under torva.

Rasmark, berg og kantkratt (B)

Denne naturtypen omfattar vegetasjon på grunnlendt eller ustabil, tørr mark og finst i overgangen mellom skog og open mark, på bergknausar, på tørre, steinete bakkar, skrentar og strandberg ved havet. Naturtypen dekkjer typisk nokså små areal, men kan likevel vere veksestad for ei rekke interessante og sjeldne artar som er bundne til tørre, opne stader der det er godt med lys.

Landskapstrekka i Fjell fylgjer eit karakteristisk mønster med slake fjellskråningar som vender mot aust, medan bratte stup vender mot vest. Dette skuldast lagdelinga i gneisane i grunnfjellet. Vest i kommunen blir det dermed danna bratte klippar som står eksponert mot det opne havet. Spesielt på øyar i den ytre skjergarden finst habitat med den sjeldne bregnene havburkne. Den veks i horisontale sprekker i de vertikale strandklippene, og det er altså lagdelinga i gneisane som forklarar kvifor veksestaden er så fint utforma her. I fleire av sprekken med havburkne blei det observert utfelling av kalk, og det viser at berget lokalt har betre tilgang på mineral og næring.

Havburkne er avhengig av at noko sollys slepp inn, og difor er sprekken alltid vendt mot sør eller vest. Berga med havburkne ligg like over flomålet, men planten sitt godt verna inn under overheng der det er eit konstant drev av fuktig havluft. Veksestaden i sprekker under overheng i berget er avgjerande for å oppnå høge temperaturar og minimalt med frost om vinteren. Dermed kan denne bregnene vekse mange stader i Fjell, ikkje langt frå dei nordlegaste førekomstane i verda som ligg litt lenger nord på Vestlandet.

Havburkne veks aldri i berg som vender mot nord. Men her finn vi ein annan bregne, hinnebregne, som unngår direkte innstråling frå sola sidan dei tynne blada ikkje tåler uttørking. Nord vendte berg med hinnebregne er ikkje knytt til havet, og finst også i den austlege delen av kommunen, ofte i skuggefylle kløfter (Figur 1).

Kulturlandskap (D)

Kulturlandskap er landskap påverka av mennesket, og det gjeld eigentleg svært mye av naturen omkring oss. Men i denne samanhengen brukar ein dette omgrepet på naturtypar der menneska har hatt, og har ei avgjerande rolle for utforminga av vegetasjonstypen og utvalet av artar. Dette gjeld først og fremst jordbrukslandskapet. Gjennom ulik bruk, både når det gjeld driftsformer og kontinuitet, har det blitt utforma mange ulike leveområde for plantar og dyr i kulturlandskapet. For mange av artane er det truleg dei gode lysforholda, som ei følgje av slått og beiting, som er spesielt viktige.

Områda som skal takast med i denne naturtypekartlegginga er først og fremst restar av gamle, småskala driftsformer. Mange slike område har spesiell verdi for biologisk mangfald, både ved høg artsrikdom og med spesielt godt tilpassa artar. Etter kvart som dei gamle driftsformene forsvinn, blir fleire av artane tilknytt slike område sjeldnare. Det er spesielt to årsaker til at mange artar i det tradisjonelle kulturlandskapet har gått tilbake: Intensiv drift med gjødsling, og attgroing som følge av at område ikkje lenger blir halde i hevd som jordbruksareal.

I Fjell har det som på resten av Vestlandet skjedd ei attgroing av mange gamle, tradisjonelle kulturlandskap. Mykje av arealet som tidlegare var utmarksbeite har blitt til skog og kratt med furu, bjørk og andre lauvtre. Ein omfattande bruk av kunstgjødsel har redusert mangfaldet i mange av dei områda der marka framleis er i bruk til slått og beite. Artar knytt til det gamle, tradisjonelle jordbruket har difor blitt sjeldne eller heilt borte. Det er også blitt planta mykje gran og buskfuru i dei gamle kulturlandskapene.

Den kulturlandskapstypen det framleis finst mykje igjen av i Fjell er kystlyngheia. Men under tidlegare registreringar er det ikkje funne område som er spesielt verneverdige (Fremstad m.fl. 1991). Dei best utvikla lyncheimråda som er att ligg lengst vest i kommunen, spesielt på små øyar ute i havgapet.

Lynghiane ytst ved havet er minst attgrodd av fleire grunnar. Klimapåkjenninga er større enn i aust, og det tar difor lengre tid for skogen å vekse opp. Det er også større avstand til eksisterande skog og dermed frø. Det ser også ut til at det er flest beitedyr i utmarka i den vestlege delen av kommunen. Hausten 2001 vart det registrert ein god del beitedyr i lyncheia på Algrøyna, Løno, Hitsøyna og fleire andre øyar. Mange av desse dyra er av ei utegangarrase som kan gå ute heile året.

Kystlyngheia i Fjell er generelt i därleg tilstand med mykje høg, forveda og grovvaksen røsslyng. Slik lyng er ueigna som beiteplante. Spesielt på lune stader har einen breidd om seg til tette kratt. Det krev omfattande brenning og andre tiltak om desse heiene skal setjast i stand. Likevel finst det mindre område der lyncheia er i bra stand og inneholder låg, saftig og lite forveda røsslyng. I lyncheia veks det lokalt mykje purpurlyng, heistorr, kystmaure, kystmyrklegg og ei rekke andre karakteristiske artar som er bundne til vestkysten av fylket (Figur 7).



Figur 7. Purpurlyng veks i lystheia, spesielt på tørre stader og i lune bergskårar. Her frå austsida av Knappskogfjellet.



Figur 8. Kvitpestrot blømer tidleg om våren, gjerne i mars. Seinare på sommaren kjem dei store blada som dominerer i vegkanten ved Kolltveit.

Ferskvatn/våtmark (E)

Naturtypen omfattar område med ope ferskvatn som elvar, bekkar, større og mindre innsjøar. Mange artar er direkte knytte til vatn og vassdrag. Både i skogsområde og i intensivt drive jordbruksområde er ferskvasslokalitetar ofte artsrike oasar og viktige spreingskorridorar. Ferskvasslokalitetar har i stor grad blitt utsette for ulike inngrep. Viktige trugsmål er m.a. drenering, attfylling, oppmuring, bekkelukking, bekkeutretting og forureining.

I Fjell er det mange små vassdrag. Talet på små tjørn knytt til dei mange myrane er òg svært høgt. Talet på rike kulturlandskapssjøar er ganske lågt, dei som finst ligg gjerne i område med kulturlandskap og er påverka av tilsig frå landbruk. Her er det fleire førekommstar av takrøyr. Dei fleste av desse førekommstane er kartlage som rike kulturlandskapssjøar. På finkorna sandbotn finst gode vilkår for vegetasjon på mudderbankar, med kortskotsplantar som tjønngras, botnegras og krypsev. Desse veks på stader med grunt vatn der vilkåra for høge sumpplantar er dårlege. Elles er det, generelt sett, lite variasjon i floraen i ferskvatna i Fjell, noko også granskinga til Alv Terje Fotland syner.

Skog (F)

Skog omfattar område der tre er dominerande. Etter høgfjell er skog den mest utbreidde naturtypen i Noreg. Om lag 37% av landarealet er skogdekt. Av det totale skogarealet i landet er ca. 55% barskog og 45% lauvskog (berre 1% er edellauvskog). Desse tala stig etter kvart som utmarka gror att. Skog finst i svært mange utformingar alt etter klima, jordsmonn og topografi og dannar dermed ei lang rekke ulike leveområde. Over halvparten av alle landlevande dyr som er registrerte her i landet er knytt til skogen. Også svært mange raudlisteartar, både dyr og plantar, lever i dette økosystemet. Dei fleste tilhøyrer artsrike grupper som insekt og sopp.

Fjell er ein svært skogfattig kommune. Skrint jordsmonn, mykje myr og stor utnytting av utmarka til beiting har gitt vanskelege vilkår for ein godtveksande og produktiv skog. Eit barskt klima i den vestlege delen av Sotra spelar også inn. Det er søraust i kommunen vi finn dei største skogsområda, hovudsakeleg furuskog og bjørkeskog. Dei er helst dominert av lyng i feltsjiktet, særleg blåbær og røsslyng, forutan ein del bregner. Mykje av skogen er første generasjon tre på tidlegare lynghei.

Heilt ute på øyane finst det små teigar med skog, til dømes på austsida av Dyrøyna der det står ein liten førekommst av osp. Skogen sør på Dyrøyna er planta. Det er elles fleire plantefelt med gran og buskfuru på øyane i Fjell. Plantefelta sørvest på Algrøyna og andre øyar syner godt i det opne landskapet.

Det er spesielt lite edellauvskog i kommunen, noko som heng saman med det generelt næringssattige jordsmonnet. Her er det lite lausmassar som dei kravstore lauvtrear er avhengig av. Men også topografien og lokalklimaet spelar ei rolle, ettersom det ikkje finst høge bratte lier med rasmark og forvitringsjord som ligg godt verna mot nordavinden. I slike lier tek sola godt og gjev eit gunstig lokalklima. Av dei varmekjære treslaga er hasselen best tilpassa slike forhold, og han veks spesielt godt under bratte berg som vender mot sør og sørvest. Hasselskog finst på Bjørøy og fleire andre stader søraust i kommunen. Her veks det også ask, eik og sjeldnare alm og lind. Desse store treslaga dannar sjeldan skog i Fjell, men dei finst spreidd som enkeltståande tre eller i mindre grupper.

Kyst og havstrand (G)

Kyst og havstrand omfattar naturtypar som er knytt til saltvatn eller saltvasspåverka miljø og i tillegg nokre habitat under vatn i svært grunne område (grunne straumar, undervasseng, brakkvasspollar og brakkvassdelta). Områda mellom land og hav byd på spesielle livsvilkår og inneheld fleire naturtypar og artar som kan vere sjeldsynte. Eit stort press på strandområda mange stader gjer det viktig å få kartlagt dei viktigaste strendene slik at ein i størst mogleg grad kan unngå inngrep her.

Fjell er ei øykommune med svært lang strandline i forhold til det landarealet. I dei mange buktene ligg det førekomstar med strandvegetasjon som er bunden av lausmassar med grus og stein eller sjeldnare finkorna leire, silt og sand (Figur 6). Strendene i Fjell er talrike, men små.

Nokre av dei mest sjeldne plantane i Fjell finst i strandmiljø. Fleire er til dels lite kjende fra Vestlandet elles. Her kan nemnast strandkål, østersurt, strandarve, sandstorr, knortestorr, pølstorr, havsivaks, skjoldblad og pusleblom (Figur 4). Krzywinski (1996) nemnar også strandreddik. Desse plantane er helst knytt til den vestlege delen av kommunen, og det er ute i havgapet vi finn dei mest særprega naturtypane. Der det ikkje finst lausmassar er det gjerne steile, eksponerte strandklipper. På slike stader kan ein finne den sjeldne bregna havburkne, (Figur 2, sjå under rasmark, berg og kantkratt, hovudtype B).

Mange av strendene i Fjell har ein einsarta vegetasjon med heilt vanlege strandplantar. Alv Terje Fotland har granska dei aller fleste strendene i kommunen, og funne at det helst er lite variasjon mellom lokalitetane. Lundberg (1992) nemner berre Haganesvika som eit aktuelt verneområde, men denne stranda er tilrettelagt med gangvegar og kulturplantar. Dette har gitt området eit preg av hage, og som naturleg strand er det knapt noko igjen av lokaliteten.

RAUDLISTEARTAR

GENERELT

Raudlisteartar har ein sentral plass i kartlegginga av biologisk mangfald. Både som kriterium for verdisetjing av naturtypeområde og som kartleggjingsobjekt.

Ei raudliste er ei oversikt over artar som er sjeldne, truga eller i tilbakegang. Mange av desse artane er sterkt spesialiserte artar med avgrensa utbreiing og små leveområde. Andre er arealkrevjande artar som er i tilbakegang grunna fragmentering av leveområda. Mange artar på raudlista er naturleg sjeldne og krev av den grunn spesielle omsyn. Ein del av artane ”nedst” på lista (DC og DM) er plasserte der mest av ”føre var” grunnar fordi vi har liten kunnskap om dei. Ei raudliste kan òg innehalde artar som er i framgang, men som i nær fortid har hatt sterkt reduserte bestandar.

IUCN (International Union for the Conservation of Nature) gir ut slike lister på verdsbasis og mange land har no gitt ut nasjonale raudlister. Den offisielle norske raudlista blir utgitt av Direktoratet for Naturforvaltning. Dei siste åra har også enkelte Fylkesmenn utgitt fylkesvise (regionale) raudlister. Meininga med regionale raudlister er å rette auka fokus på artar som er trua regionalt og lokalt og som kanskje ikkje blir fanga opp i nasjonal samanheng. Nokre artar på den nasjonale raudlista kan vere relativt vanlege regionalt og lokalt. I slike tilfelle har det aktuelle fylket eller den aktuelle kommunen eit særskilt forvaltingsansvar.

Raudlistene må reviderast relativt ofte etterkvart som kunnskapen om artane aukar (situasjonen for enkelte artar kan òg endre seg relativt raskt). Mange av artane i dei to siste kategoriene i raudlista, DC og DM, særleg innan gruppene sopp, lav og mosar, er plasserte der fordi vi veit for lite om dei. Nokre av desse vil kanskje bli tekne ut av raudlista når kunnskapen om dei har blitt betre. På den andre side kan nye artar kome til som følgje av ny kunnskap.

Denne rapporten byggjer på Nasjonal rødliste for truede arter i Norge 1998 (DN 1999). Dei ulike kategoriene ein finn i denne raudlista er definerte under.

Utrydda - Ex (Extinct)

Artar som har forsvunne som reproduksjonssystem i landet. Omfattar vanlegvis artar som ikkje har vore påvist dei siste 50 åra. ”Ex?” angir artar som har forsvunne for mindre enn 50 år sidan.

Direkte trua - E (Endangered)

Artar som står i fare for forsvinne i nær framtid dersom dei negative faktorane fortset å virke.

Sårbar - V (Vulnerable)

Artar med sterkt tilbakegang, som kan gå over i gruppa direkte trua dersom dei negative faktorane fortset å virke.

Sjeldan - R (Rare)

Artar som ikkje er direkte trua eller sårbare, men som likevel er i ein utsett situasjon, fordi dei er knytt til eit avgrensa geografisk område eller ein liten bestand med spreidd og sparsam utbreiing.

Omsynskrevjande - DC (Declining, care demanding)

Artar som ikkje tilhøyrer føregåande kategoriar, men som grunna tilbakegang krev spesielle omsyn og tiltak.

Bør overvakast - DM (Declining, monitor species)

Artar som har gått tilbake, men som ikkje blir rekna som trua. For desse er det grunn til å halde eit øye med bestandssituasjonen.

Ei raudliste inneheld også ei oversikt over såkalla *ansvarsartar*. Dette gjeld artar som det aktuelle landet har eit spesielt forvaltingsansvar for, fordi ein har store delar av totalbestanden innan sine landegrenser.

RAUDLISTA PLANTEARTAR I FJELL

Det er funne seks raudlista karplantar i Fjell (Tabell 2). Det ingen spesielt store trugsmål mot desse artane lokalt, men det er sjølv sagt avgjerande at det ikkje skjer ei øydelegging eller endring av veksestadane. Fleire av desse artane veks på tungt tilgjengelege øyar i den vestlege skjergarden. Det er berre førekostane av kvitpestrot, som veks i vegkantar på to lokalitetar, som ligg utsett til for at habitatet kan bli endra med det første.

Tabell 2. Raudlista karplantar i Fjell

| Raudlistestatus | Norsk navn | Vitskapeleg navn | Trugsmål lokalt |
|----------------------|---------------|-------------------------------|-----------------|
| Sårbar (V) | Hinnebregne | <i>Hymenophyllum wilsonii</i> | ingen |
| Sjeldan (R) | Havburkne | <i>Asplenium marinum</i> | ingen |
| | Kvitpestrot | <i>Petasites albus</i> | attgroing |
| Omsynskrevjande (DC) | Pusleblom | <i>Anagallis minima</i> | ingen |
| | Toppstarr | <i>Carex paniculata</i> | ingen |
| | Skaftevjebomm | <i>Elatine hexandra</i> | ingen |

Det er berre registrert ein raudlista moseart i Fjell, torvsåtemose *Campylopus pyriformis* som er oppført i kategorien Bør overvakast - DM. Arten er funne på Vindenes og er kjent frå fem andre lokalitetar i Hordaland (Frisvoll & Blom 1997). Mosar er generelt ei dårleg undersøkt plantegruppe.

Det er registrert tre raudlista lavartar (makrolav) i Fjell (Tabell 3). Status for to av desse er usikker i og med at dei ikkje er blitt funne i seinare tid. Gullprikklav har gått dramatisk tilbake på heile Vestlandet og er i dag bare kjend frå fire lokalitetar (Tønsberg m.fl. 1996).

For skorpelav er det ikkje utarbeidd ei offisiell raudliste over artane. Ein spesiell art som må nemnast likevel er *Lepraria atlantica* fordi han vart funnen i Fjell for første gang i Skandinavia av Tor Tønsberg i 2002. Lokaliteten ligg ved vegen til Lianuten, 170 m o.h. Habitatet er ein nordvendt, skuggefull bergvegg i røsslynghei med spreidde tre av bjørk og furu.

Tabell 3. Raudlista lavartar samla i Fjell.

| Art | Raudliste | Merknad |
|---|-----------|--|
| Gullprikklav | V | Vest for kirken, mosedekte berg i lauvskog (Ahlnér, S. 1947). |
| <i>Pseudocyphellaria crocata</i> | | Ikkje gjenfunne av T.Tønsberg i 1993. Truleg utgått. |
| Kystkoralllav <i>Bunodophoron melanocarpum</i> | DC | Sotra, Ongelvik (Klinkenberg, E. 1977). Sotra, Solsvik, (Øvstedal, D.O. 1978). Turøy, KN 753 092, i øvre del av bratt klippevegg. (Tønsberg, T. 2001). |
| Kystsaltlav <i>Stereocaulon delisei</i> | R | Sotra, Vindenes (Øvstedal, D.O. 1978). Trulig utgått i dag. |

LITTERATUR

- Dahl, E., Elven, R., Moen, A. & Skogen, A. 1986. Vegetasjonsregionkart over Norge 1:1 500 000. – Nasjonalatlas for Norge, kartblad 4.1.1. Statens kartverk, Hønefoss.
- Danielsen, I. 1996. Handlingsplan for truete og sårbare viltarter i Hordaland - med rødliste. MVA-rapport 2-1996. 74 s.
- Direktoratet for Naturforvaltning 1996. Viltkartlegging. DN-håndbok 11. 112 s.
- Direktoratet for Naturforvaltning 1999. Nasjonal rødliste for truete arter i Norge 1998. DN-rapport 1999-3. 162 s.
- Direktoratet for Naturforvaltning 1999. Kartlegging av naturtyper. Verdisetting av biologisk mangfold. DN-håndbok 13.
- Direktoratet for Naturforvaltning 2000. Veileder for kartproduksjon – tema biologisk mangfold. – DN-notat 2000-5.
- Fremstad, E. 1997. Vegetasjonstyper i Norge. – NINA Temahefte 12. 279 s.
- Fremstad, E. & Moen, A. 2001. Truete vegetasjonstyper i Norge. – Norges teknisk-naturvitenskap. Univ. Vit.skapsmus. Rapp. bot. serie 2001-4. 231 s.
- Fremstad, E., Aarrestad, P. A. & Skogen, A. 1991. Kystlynghei på Vestlandet og i Trøndelag. Naturtype og vegetasjon i fare. – NINA Utredning 029. 172 s.
- Frisvoll, A.A. og Blom, H. 1997. Trua mosar i Noreg med Svalbard. Førerels faktaark. Botanisk notat 1997-3, NTNUI. 170 s.
- Fægri, K. 1960. Maps of distribution of Norwegian plants. I. The coast plants. Univ. i Bergen. Skr. 26.
- Guntveit, S. 1997. Nye forekomster av hjortetunge *Asplenium scolopendrium* og havburkne *Asplenium marinum* i Øygarden og Fjell kommuner, Hordaland. Blyttia 57: s 88 – 93.
- Krzywinski, K. 1996. Det grå riket. – s. 17-96 i Akselberg, G., Askvik, H., Fyllingsnes, F., Geber, Ø. og Krzywinski, K.: Fjell bygdebok. Band I. Natur- og kulturhistoria fram til 1700. Fjell kommune.
- Lundberg, A. 1992. Havstrand i Hordaland. Regionale trekk og verneverdiar. - DN-rapp. 1992-2.
- Moen, A. 1998. Nasjonalatlas for Norge. Vegetasjon. – Statens kartverk, Hønefoss. 199 s.
- Ragnhildstveit, J. & Helliksen, D. 1997. Geologisk kart over Norge, berggrunnskart Bergen M 1: 250.000. Norges geol. unders.
- Tønsberg, T., Gauslaa, Y., Haugan, R., Holien, H. & Timdal, E. 1996. The threatened macrolichens of Norway – 1995. Sommerfeltia 23: 1-258.
- Øvstedal, D.O. & Sæthre, H.Å. 1988. Hasselskogar i ytre Hordaland, eit verneforslag. Arboha.

SENTRALE DOKUMENT I MILJØVERN POLITIKKEN

Fleire dokument utgjevne av styresmaktene er sentrale i forhold til biologisk mangfold. Gjennom stortingsmeldingane gir styresmaktene uttrykk for korleis ein ønskjer å forme politikken på spesielle område i åra framover. Her uttrykkjer ein gjerne politiske målsetjingar og kva vermekiddel ein vil setje i verk får å nå desse.


- St. meld. nr. 13 (1992-93) om FN konferansen om miljø og utvikling i Rio de Janeiro
- St. prp. 56 (1992-93) Om samtykke til ratifisering av konvensjonen om biologisk mangfold
- St. meld. nr. 31 (1992-93) Den regionale planleggingen og arealpolitikken
- Miljøverndep. sitt rundskriv til kommunane (T-937) "Tenke globalt - handle lokalt"
- St. meld. nr. 58 (1996-97) Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling. Dugnad for framtida.
- St. meld. nr. 8 (1999-2000) Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand
- St. meld. nr. 42 (2000-2001) Biologisk mangfold. Sektoransvar og samordning

Kart og faktaark

Kart 1

Skog- og jordbruksareal

- Lauvskog
- Bar- og blandingsskog
- Jordbruksareal
- Myr




Kartframstilling: Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernavd.
Digitalt kartgrunnlag: Statens kartverk (N50), Geovest (DMK)

Kart 2

Verdisatte naturtypar

- A - Svært viktig
- B - Viktig
- C - Lokal verdi



Tabell 4. Kartlagte naturtypelokalitetar i Fjell.

| Lokalitet | Namn | Naturtype | Areal (da) | Verdi |
|-----------|-----------------------|---|------------|-------|
| 1 | Vindenespollen | Sørvendt berg (B01) | 1,4 | A |
| 2 | Tytebærhaugen | Nordvendt berg (H00) | 0,2 | B |
| 3 | Vindeneskvarven | Kystlynghei (D07) | 899,0 | B |
| 4 | Kammanevika | Strandeng (G05) | 7,5 | A |
| 5 | Tuskeluren | Sørvendt berg (B01) | 0,2 | A |
| 6 | Turøyvarden | Kystlynghei (D07) | 404,4 | B |
| 7 | Knappane | Sørvendt berg (B01) | 0,5 | A |
| 8 | Sandøyna | Sandstrand (G04) | 19,8 | B |
| 9 | Nordre Lokøyna I | Sørvendt berg (B01) | 2,6 | A |
| 10 | Nordre Lokøyna II | Nordvendt berg (H00) | 1,4 | B |
| 11 | Søre Sandøyna | Sørvendt berg (B01) | 1,2 | A |
| 12 | Havrøyna | Sørvendt berg (B01) | 0,4 | A |
| 13 | Gudlo | Sørvendt berg (B01) | 1,1 | C |
| 14 | Sveksteinen | Sørvendt berg (B01) | 2,6 | A |
| 15 | Søre Lambøyna | Sandstrand (G04) | 2,8 | B |
| 16 | Buarøyna | Sørvendt berg (B01) | 0,4 | A |
| 17 | Kråkøyna | Sørvendt berg (B01) | 1,2 | A |
| 18 | Klubben | Nordvendt berg (H00) | 0,4 | C |
| 19 | Jonsokhaugen | Nordvendt berg (H00) | 1,0 | C |
| 20 | Smalaneset | Kystlynghei (D07) | 577,9 | B |
| 21 | Storavatnet | Mudderbank (E02) | 1,1 | C |
| 22 | Langtrotten | Kalkrikt strandberg (G09) | 11,7 | C |
| 23 | Barmesundet | Sørvendt berg (B01) | 0,2 | C |
| 24 | Sandholet | Sandstrand (G04) | 0,9 | B |
| 25 | Lundevatnet | Nordvendt berg (H00) | 0,1 | C |
| 26 | Maratjørna | Intakt låglandsmyr (A01) | 11,7 | C |
| 27 | Lokøyna | Kystlynghei (D07) | 477,7 | C |
| 28 | Lokøyna sørvest | Nordvendt berg (H00) | 0,4 | C |
| 29 | Syltøyna | Brakkvasspoll (G08) | 5,6 | B |
| 30 | Løten | Strandeng og strandsump (G08) | 43,6 | A |
| 31 | Søre Løtevågen | Strandeng og strandsump (G05) | 0,5 | C |
| 32 | Hitsøyna | Nordvendt berg (H00) | 0,7 | C |
| 33 | Grottvika | Sandstrand (G04) | 3,5 | B |
| 34 | Nordrevågen-Sandkeila | Strandeng og strandsump (G05), Naturbeitemark (D04) | 136,7 | A |
| 35 | Lønovågen | Kystlynghei (D07) | 193,7 | B |
| 36 | Blandingsvatnet vest | Nordvendt berg (H00) | 1,6 | C |
| 37 | Blandingsvatnet sør | Brakkvasspoll (G08) | 1,7 | C |
| 38 | Vassenden | Mudderbank (E02) | 1,9 | C |
| 39 | Bøtjørna | Rik kulturlandskapssjø (E08), Mudderbank (E02) | 12,7 | C |
| 40 | Fossavatnet | Mudderbank (E02) | 4,8 | C |
| 41 | Oldervadet | Intakt låglandsmyr (A01) | 45,3 | A |
| 42 | Tellnespollen | Strandeng og strandsump (G05) | 1,8 | C |
| 43 | Haganesvika | Strandeng og strandsump (G05) | 14,3 | C |
| 44 | Storsteinen | Rik edellauvskog (F01) | 62,8 | B |
| 45 | Bildebekken | Bekkekloft (F09) | 0,5 | B |
| 46 | Eidet | Strandeng og strandsump (G05) | 2,9 | B |
| 47 | Søre Ekrhovda | Rik edellauvskog (F01) | 9,5 | C |
| 48 | Nordravatnet | Rik kulturlandskapssjø (E08), Mudderbank (E02) | 15,5 | C |
| 49 | Skiparmyra | Rikmyr (A05) | 8,9 | B |
| 50 | Fjæreide | Rik edellauvskog (F01) | 3,5 | C |
| 51 | Søre Knappavågen | Strandeng og strandsump (G05) | 3,6 | C |
| 52 | Nordre Knappavågen | Nordvendt berg (H00) | 0,4 | C |
| 53 | Vadet | Rik kulturlandskapssjø (E08). | 9,4 | B |

Tabell 4. Forts.

| Lokalitet | Navn | Naturtype | Areal (da) | Verdi |
|------------------|-------------------|--|-------------------|--------------|
| 54 | Søre Skarvbogvika | Strandeng og strandsump (G05) | 1,0 | C |
| 55 | Tørkeviktjørna | Rik kulturlandskapssjø (E08). | 11,1 | C |
| 56 | Steinsvika | Sandstrand (G04) | 3,4 | B |
| 57 | Brattholmsvågen | Strandeng og strandsump (G05) | 2,4 | C |
| 58 | Langedalen | Intakt låglandsmyr (A01) | 16,0 | B |
| 59 | Vågo | Intakt låglandsmyr (A01) | 31,5 | C |
| 60 | Ebbesvikvatnet | Rik kulturlandskapssjø (E08), Mudderbank (E02) | 11,6 | C |
| 61 | Flyndredammen | Brakkvasspoll (G08) | 0,5 | C |
| 62 | Nibben | Rik edellauvskog (F01) | 15,2 | B |
| 63 | Bjørkedalen | Gammal lauvskog (F07), Kystfuruskog (F12) | 208,2 | C |
| 64 | Blommen | Førekomst av raudlisteart | < 0,1 | B |
| 65 | Kolltveit | Førekomst av raudlisteart | < 0,1 | B |
| 66 | Hestholmen | Førekomst av raudlisteart | < 0,1 | B |

Lokalitet 1 Vindenespollen

Hovudtype Rasmark, berg og kantkratt
Undertype Sør vendte berg (B01)

Areal 1,4 da
Verdi A - svært viktig

Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Like innanfor Hjeltholmen i Vindenespollen går det ein steil og markert bergvegg, ca. 300 m lang og 30 m høg, eksponert mot vest. Delar av bergveggen er relativt lett tilgjengeleg og kan undersøkast ved å følge nokre meir eller mindre tydelege avsatsar eller smale hyller som går horisontalt eller svakt skrånande langs bergveggen. Ved to av hyllene er det registrert havburkne (*Asplenium marinum*):

- a) Havburkne veks i veggen midt på stranda innanfor Hjeltholmen, i ein horisontal bergsprekk under eit ca. 5 m djupt overheng ca. 10 moh. Planten veks i 4 tuer med til saman 35 frondar (bregneblad) innanfor ein avstand på 1 m. Blada er helst små.
- b) 80 m lenger sør, 10 moh. ved ei markert, skrånande hylle, står havburkne i ei bergskåre under eit 3 m djupt overheng. Planten veks i 6 tuer innanfor eit strekk på 5 m. Til saman er det ca. 60 frondar. Dette er den einaste lokaliteten for havburkne på austsida av Sotra.

Registrerte raudlisteartar

Havburkne *Asplenium marinum* (R)

Registrert av Bjørn Moe

Dato 10.09.2001

Lokalitet 2 Tytebærhaugen

Hovudtype Rasmark, berg og kantkratt
Undertype Nord vendte kystberg (H00 - Andre viktige førekomstar)

Areal 0,2 da
Verdi B - viktig

Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Tytebærhaugen er dels tilplanta med buskfuru, men ser også ut til å vere naturleg tilgrodd med vanleg furu. Nord for denne skogen og nær strandsona, i grenseområdet mot lynghei, ligg det ei trang kløft eksponert rett mot nord. Luftfukta er høg sjølv om det ikkje er nokon bekk i kløfta. Dei ca. 3 m høge bergveggane i kløfta er dels tilgrodd med mosar og bregner, m.a. hinnebregne (*Hymenophyllum wilsonii*).

Registrerte raudlisteartar

Hinnebregne *Hymenophyllum wilsonii* (V)

Karakteristiske artar

| | |
|---|---|
| Skogburkne <i>Athyrium filix-femina</i> | kysttvebladmose <i>Scapania gracilis</i> |
| bjønnkam <i>Blechnum spicant</i> | stripefoldmose <i>Diplophyllum albicans</i> |
| gaukesyre <i>Oxalis acetosella</i> | pelssåtemose <i>Campylopus atrovirens</i> |

Registrert av Bjørn Moe

Dato 10.09.2001

Lokalitet 3 Vindeneskvarven

Hovudtype Kulturlandskap
Undertype Kystlynghei (D07)

Areal 899 da
Verdi B - viktig

Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Vindeneskvarven har ei naturleg, fin avgrensing mot sjøen. Langs austsida skrånar terrenget jamnt og slakt mot Hjeltefjorden. Langs vestsida ligg det steile og delvis utilgjengelige klipper som går rett i sjøen.

På austsida er det for det meste grunnlendt jord, lite lausmassar og mykje berg i dagen. Særleg langs strandsona er det svaberg og lite vegetasjon. I dei veldrenerte skråningane finst ein del tørr lynghei med mykje purpurlyng saman med røsslyng, krepling og mjølbær. Vi finn også knausar med dvergsmyle, kystbergknapp og ei rekkje lav og mosar (særleg navlelav, kystpute, pigglav, sotmose). Her er også mykje fukthei med klokkeling, rome, pors, storbjønnskjegg og blåtopp. Nokre mindre parti med grashei førekjem lokalt, særleg med artene finniskjegg og heisiv. I dei flate områda sør og vest for Herevatnet er det mykje myr, til dels svert fuktige og danna ved attgroing av små tjørn.

Ei bergskåre sørvest for Herevatnet inneheld mengder av blankburkne og ein liten førekomst med olavsskjegg.

På vestsida er røsslyngen noko meir grov og storvaksen enn i aust, ofte 0,5 m høg. Aust for Straumen finst eit mindre område der lyngen har vore brent for nokre få år tilbake.

I sørvest ved Høgbøen ligg det restar av gamle hustufter. Rundt dei er det grasmark som er til dels sterkt attgrodd med einstape, lyssiv og øyrevier. Elles på Vindeneskvarven er llynghøia helst lite attgrodd, men spreidde buskar eller små tre finst av rogn, osp, selje og furu.

Karakteristiske artar

| | |
|--|--|
| klokelyng <i>Erica tetralix</i> | rosenrot <i>Rhodiola rosea</i> |
| purpurlyng <i>E. cinerea</i> | vivendel <i>Lonicera periclymenum</i> |
| mjølbær <i>Arctostaphylos uva-ursi</i> | kystgrisøre <i>Hypochoeris radicata</i> |
| dvergsmyle <i>Aira praecox</i> | pors <i>Myrica Gale</i> |
| knegras <i>Danthonia decumbens</i> | krypvier <i>Salix repens</i> |
| heistarr <i>Carex binervis</i> | kystmaure <i>Galium saxatile</i> |
| kornstarr <i>C. panicea</i> | kystbergknapp <i>Sedum anglicum</i> |
| loppestarr <i>C. pulicaris</i> | bjønnkam <i>Blechnum spicant</i> |
| sylarve <i>Sagina subulata</i> | blankburkne <i>Asplenium adiantum-nigrum</i> |

| |
|---|
| olavsskjegg <i>A. septentrionale</i> |
| svartburkne <i>A. trichomanes</i> |
| hestesprenge <i>Cryptogramma crispa</i> |
| smørtelg <i>Oreopteris limbosperma</i> |
| fagerperikum <i>Hypericum pulchrum</i> |
| kattefot <i>Antennaria dioica</i> |
| storfrytle <i>Luzula sylvatica</i> |

Inngrep og aktuelle trugsmål

Attgroing.

Aktuelle forvaltingstiltak

Skjøtsel for å dempe attgroinga (beiting, brenning).

Registrert av Bjørn Moe

Dato 10.09.2001

Lokalitet 4 Kammanevika

| | |
|-----------|-------------------|
| Hovedtype | Kyst og havstrand |
| Undertype | Strandeng (G05) |

Areal 7,5 da

Verdi A - svært viktig

Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Lokaliteten ligg på vestsida av Turøy, inst i ei trang bukt av Åkraviksundet, sør for Kammane. Bukta er godt skjerma mot grov sjø, men vind frå nordvest tar godt her. Nedst ved sjøen ligg det for det meste grovt materiale av stein og grus. Det er lite vegetasjon her pga. rørsle i det grove materialet. Her veks strandkål, ein sørøstlig art som ikkje er kjent frå Fjell tidlegare og som er svært sjeldan på Vestlandet. Planta er truleg nyetablert og har store, karakteristiske blad, men er utan blomar (kanskje spreidd frå den einaste kjende veksestaden i nabokommunen Øygarden, 7 km lenger nord). Lenger inne på stranda er vegetasjonen meir slutta, men stort sett med vanlege strandplantar som saltsiv, rustsivaks, skjoldberar og gåsemure. Heilt inst i bukta er materialet finkornet, med sumpvegetasjon der sverdlilje er karakteristisk.

Karakteristiske artar

| | |
|--|---|
| Strandkål <i>Crambe maritima</i> | strandkjeks <i>Ligusticum scoticum</i> |
| klengemaure <i>Galium aparine</i> | rustsivaks <i>Blysmus rufus</i> |
| strandkvann <i>Angelica arch. ssp. litoralis</i> | saltsiv <i>Juncus gerardii</i> |
| strandrug <i>Leymus arenarius</i> | sverdlilje <i>Iris pseudacorus</i> |
| vrangdå <i>Geleopsis bifida</i> | skjoldberar <i>Scutellaria galericulata</i> |
| fuglevikke <i>Vicia cracca</i> | strandsmelle <i>Silene uniflora</i> |
| krushøymole <i>Rumex crispus</i> | kystbergknapp <i>Sedum anglicum</i> |

gåsemure *Potentilla anserina*

tangmelde *Atriplex prostrata*

østersurt *Mertensia maritima**

* Registrert av A.T. Fotland i 1996, men ikkje funnen i 2001.

Registrert av Bjørn Moe

Dato 28.08.2001

Lokalitet 5 Tuskeluren

| | |
|-----------|----------------------------|
| Hovedtype | Rasmark, berg og kantkratt |
| Undertype | Sørvendte berg (B01) |

Areal 0,2 da

Verdi A - svært viktig

Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Tuskeluren ligg omlag 200 m nordvest for Turøyvarden. Det er ein markert fjellknaus i llynghøia med ein ca. 10 m høg og steil bergvegg som vender mot sør. Berget har ei ujamn overflate med sprekker og eit tydeleg overheng. I ein horisontal, ca. 30 cm vid og 12 m lang sprekk, veks havburkne innanfor eit område på ca. 1,5 m. Her er det ca. 100 bregnepinnar (frondar) fordelt på 5 tuer. Avstanden til havet er ca. 400 m, og det er meir enn vanleg for denne bregna. Førekomsten kan indikere mykje drev og eit verhardt klima.

Lokaliteten vart først funnen av Stig Guntveit i 1997.

Registrerte raudlisteartar

Havburkne *Asplenium marinum* (R)

Karakteristiske artar

Purpurlyng *Erica cinerea*, heistarr *Carex binervis*, skogfiol *Viola riviniana*

Litteratur

Guntveit, S. 1997. Nye forekomster av hjortetunge *Asplenium scolopendrium* og havburkne *Asplenium marinum* i Øygarden og Fjell kommuner, Hordaland. Blyttia 57: 88-93.

Registrert av Stig Guntveit og Bjørn Moe

Dato 28.08.2001

Lokalitet 6 Turøyvarden

Hovudtype Kulturlandskap

Areal 404 da

Undertype Kystlynghei (D07)

Verdi B - viktig

Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Turøyvarden ligg på ein kolle nord på Turøy, og er eit landemerke som er godt synleg frå store delar av Fjell og Øygarden. Lyngheia i dette området ligg i eit variert og kupert landskap med god utsikt frå dei mange kollane. Fin avgrensing mot havet. Delar av området er tilrettelagt for friluftsliv med stiar.

På sørsida av kollane, der det er tørt og relativt lunt, er det rikeleg med purpurlyng, mjølbær, krekling og spreidde førekommstar av vivendel. I nordvendte berg er raudmuslingmose karakteristisk. Flate parti og små dalar har fattigmyr. Denne lyngheia er så langt, lite attgrodde med buskar og kratt. Eineren er lav og har ei krypende vekstform.

At det finst havburkne i området (sjå eige faktaark, lok. 5), viser at denne delen av Turøy har eit verhardt klima med mykje saltdrev.

Karakteristiske artar

Røsslyng *Calluna vulgaris*

bjønnkam *Blechnum spicant*

purpurlyng *Erica cinerea*

blåknapp *Succisa pratensis*

klokkelryng *Erica tetralix*

rome *Narthecium ossifragum*

mjølbær *Arctostaphylos uva-ursi*

lyngklegg *Pedicularis sylvatica*

krekling *Empetrum nigrum*

vivendel *Lonicera periclymenum*

krypvier *Salix repens*

heisiv *Juncus squarrosum*

flekkmariehand *Dactylorhiza maculata*

geitsvingel *Festuca vivipara*

heistarr *Carex binervis*

blåtopp *Molinia caerulea*

kornstarr *Carex panicea*

storbjønnskjegg *Trichophorum cespitosum* ssp. *germanicum*

Inngrep og aktuelle trugsål

Attgroing med buskar og grovvaksen lyng.

Aktuelle forvaltingstiltak

Skjøtsel (beiting, brenning) for å halde lyngen kortvokst og hindre vidare attgroing.

Registrert av Bjørn Moe

Dato 28.08.2001

Lokalitet 7 Knappane

Hovudtype Rasmark, berg og kantkratt

Areal 0,5 da

Undertype Sør vendte berg (B01)

Verdi A - svært viktig

Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Knappane er ei øy like vest for Turøy som ligg ope og eksponert mot storhavet. Det verharde klimaet og lite jordsmonn gjer at det er mykje svaberg og lite vegetasjon på øya. Ein fjellvegg deler øya i to omlag like store delar. Fjellveggen er 10-15 m høg og vender mot sør-sørvest. Godt skjerma, ca. 2 m inne i ein horizontal sprekk, veks havburkne. Horisonten er helt fri mot havet i sørvest og vest.

Lokaliteten vart først funnen av Stig Guntveit.

Registrerte raudlisteartar

Havburkne *Asplenium marinum* (R)

Registrert av Stig Guntveit og Bjørn Moe

Dato 28.08..2001

Lokalitet 8 Sandøyna

Hovudtype Kyst og havstrand
Undertype Sandstrand (G04)

Areal 20 da
Verdi B - viktig

Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Sandøyna ligg heilt nordvest i Fjell, og er ei av dei ytste øyane i kommunen. Øya er ganske flat og når så vidt over 20 moh., difor får vinden godt tak frå alle retningar. Heilt ute mot storhavet når strandvegetasjonen lenger inn på land enn andre stader. Her er det mykje svaberg, men òg nokre grove blokker. Noko finere materiale med sand, skjellsand og rullestein finst i ei bukt på austsida av øya. Sandstrender er ikkje vanlege i Fjell, og difor er artar som sandstarr og strandarve sjeldne i kommunen.

Innover land finst små vasspyttar med strand- og brakkvassplanter som klourt og havsivaks. Nærleiken til havet og liten konkurranse frå annan vegetasjon, gjer at strandplantar veks langt inn på øya.

Karakteristiske artar

| | |
|--|---|
| Fjørrekoll <i>Armeria maritima</i> | gåsemure <i>Potentilla anserina</i> |
| strandkvann <i>Angelica archangelica</i> ssp. <i>litoralis</i> | kystbergknapp <i>Sedum anglicum</i> |
| strandkjeks <i>Ligusticum scoticum</i> | klourt <i>Lycopus europaeus</i> |
| åkerdylle <i>Sonchus arvensis</i> | saltsiv <i>Juncus gerardii</i> |
| skjørbuksurt <i>Cochlearia officinalis</i> | strandsmelle <i>Silene uniflora</i> |
| knortestarr <i>Carex otrubae</i> | tangmelde <i>Atriplex prostrata</i> ssp. <i>prostrata</i> |
| sandstarr <i>Carex arenaria</i> | strandarve <i>Honkenya peploides</i> |
| havsivaks <i>Schoenoplectus maritimus</i> | strandrug <i>Leymus arenarius</i> |

Registrert av Bjørn Moe og Stig Guntveit

Dato 28.08.2001

Lokalitet 9 Nordre Lokøyna I

Hovudtype Rasmark, berg og kantkratt
Undertype Sørvendte berg (B01)

Areal 2,6 da
Verdi A - svært viktig

Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Nordre Lokøyna, vest for Landro, ligg eksponert mot storhavet som ei av dei ytre øyane i skjærgarden. Topografien er kupert med fleire bratte klippeveggar, små dalar og trange kløfter. Midt på øya og på austsida er det lynghei, i vest er det mykje svaberg og lite vegetasjon. Havburkne vart samla her av Torkel Lillefosse i 1913. I 2001 vart arten funnen på to stader:

- På austsida av bukta som går inn på sørsida av Lokøy. Eit 10 m høgt berg skrår innover ved basis og gir her eit djupt overheng som går ca. 5 inn i fjellet. Havburkne veks på seks stader inne i berget, i meir eller mindre tydelege tuer. Det er ca. 5 m avstand mellom tuene og heile lokaliteten er omlag 25 m lang. Her er til saman ca. 170 bregneblader. Svert god og stabil lokalitet.
- Lenger vest og nærmare ope hav, går det ein svakt skrånande sprekk på sørsida av ein 5 m høg bergvegg. Omlag 1 m inne i sprekken er det ein 16 m lang førekommst av havburkne, fordelt på 5 tuer og til saman ca. 100 bregneblad.

Registrerte raudlisteartar

Havburkne *Asplenium marinum* (R)

Registrert av Bjørn Moe og Stig Guntveit

Dato 04.09.2001

Lokalitet 10 Nordre Lokøyna II

Hovudtype Rasmark, berg og kantkratt
Undertype Nordvendte berg (H00 - Andre viktige førekommstar)

Areal 1,4 da
Verdi B - viktig

Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Nordre Lokøyna, vest for Landro, ligg eksponert mot storhavet som ei av dei ytre øyane i skjærgarden. Topografien er kupert med fleire bratte klippeveggar, små dalar og trange kløfter. Midt på øya og på austsida er det lynghei, i vest er det mykje svaberg og lite vegetasjon. Hinnebregne er registrert to stader:

- Sør på Lokøyna i ei kløft som vender mot vest og nordvest.
- Nord på Lokøyna, ved bukta sør for Lokøyneset. Her veks det hinnebregne i ein nordvendt, skuggefull bergvegg med høg luftfukt.

Registrerte raudlisteartarHinnebregne *Hymenophyllum wilsonii* (V)**Registrert av** Bjørn Moe og Stig Guntveit**Dato** 04.09.2001**Lokalitet 11 Søre Sandøyna**

Hovudtype Rasmark, berg og kantkratt
Undertype Sørvendte berg (B01)

Areal 1,2 da
Verdi A - svært viktig

Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Søre og nordre Sandøyna er skilde av eit trangt sund, Sandøystraumen. Ved innlaupet til denne straumen i sørvest, på søre Sandøyna, finn ein nokre bratte klippevegger. Dei ligg luftig til og eksponert mot ope hav. Havburkne (*Asplenium marinum*) vart registrert her av Torkel Lillefosse i 1913. I 2001 vart planten funnen på to stader, noko som tyder på god stabilitet.

- a) Ovanfor ein 10 m høg vertikal vegg veks havburkne inne i ein horisontal sprekk som er ca. 4 m djup. Her er fleire tuer med til saman ca. 110 bregneblad. Lokaliteten ligg fritt eksponert mot vest, omlag 50 m frå sjøen.
- b) 100 m lenger sør veks havburkne i ein horisontal sprekk i ein vertikal bergvegg. Sprekkken er ca. 1,5 m djup og inneheld ca. 50 bregneblad fordelt på 4 tuer. Omlag 10 m lenger sør er det endå ein førekjoms med ca. 25 blad.

Registrerte raudlisteartarHavburkne *Asplenium marinum* (R)**Registrert av** Bjørn Moe og Stig Guntveit**Dato** 04.09.2001**Lokalitet 12 Havrøyna**

Hovudtype Rasmark, berg og kantkratt
Undertype Sørvendte berg (B01)

Areal 0,4 da
Verdi A - svært viktig

Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Havrøyna består av nokon bratte berg som stuper i sjøen i nordvest ved Nonssundet. Om lag 10 m over sjømålet ligg det ein djup heller som går 4 m inn i fjellet. Her det stort sett skugge inntil ein lav sol når inn om kvelden. Eksposisjonen er rett mot vest. Havburkne (*Asplenium marinum*) veks i tre tuer innanfor 5 m av helleren. Her er til saman ca. 40 bregneblader.

Registrerte raudlisteartarHavburkne *Asplenium marinum* (R)**Registrert av** Bjørn Moe og Stig Guntveit**Dato** 04.09.2001**Lokalitet 13 Gudlo**

Hovudtype Rasmark, berg og kantkratt
Undertype Sørvendte berg (B01)

Areal 1,1 da
Verdi C - lokalt viktig

Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

I Smørvikane sør aust på Gudlo stuper det bratte berg rett i sjøen. Nokre stader har berget overheng nokre meter over sjømålet. Det er ingen store revner i berget, men havburkne har likevel etablert seg i nokre småsprekker. Sprekkene er for små til at planten kan bli særlig stor. Det er registrert ca. 12 unge individ innen ein avstand på ca. 100 m.

Registrerte raudlisteartarHavburkne *Asplenium marinum* (R)**Registrert av** Stig Guntveit og Bjørn Moe**Dato** 04.09.2001

Lokalitet 14 Sveksteinen

| | | | |
|-----------|----------------------------|-------|------------------|
| Hovudtype | Rasmark, berg og kantkratt | Areal | 2,6 da |
| Undertype | Sørvendte berg (B01) | Verdi | A - svært viktig |

Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Sveksteinen er ei lita øy ved innløpet til Eidesosen. Øya har fleire bratte klipper som vender mot sør og vest og det er open sjø på alle kantar. Svakheitssoner i berget har ført til mykje sprekkdanning (derav navnet Sveksteinen). Stein og blokker rasar ut frå bergveggane og blir liggande i haugar og små rasmarker. Havburkne veks i store og små skårer i berget både sør og nord på Sveksteinen.

- I den 30 m høge klippeveggen nord på Sveksteinen veks havburkne fleire stader like over nivået der den grove sjøen slår. Det er mange små (unge) individ i dei soleksponerte sprekken som vender mot sørvest. Det er totalt ca. 85 bregneblad på den nordlege delen av Sveksteinen. I krattvegetasjonen under berget veks vivendel, villapal, einer og brunrot. Det er mykje klipperagg på bergveggen.
- Lengst sør på Sveksteinen går det ein 10-20 m høg klippevegg i aust-vest retning. I forkant av veggens ligg det fleire store blokker som har rasa ut. Lokaliteten ligg berre 5 moh., og det er 20 m til sjøen. Havburkne veks her på to stader, ca. 50 m frå hverandre. På den austlege lokaliteten er førekosten særdeles tettvokst og talrikt med heile 300 bregneblad innan eit par kvadratmeter. Nokre av bregnebladene er uvanleg store. Heilt ute på sørvestpynten av Sveksteinen, like over der havet bryt, veks havburkna i sprekker i fleire etasjar langt inn under ein hellar. Overhenget er opp til 8 meter djupt. Berget verkar skifrig, og det dett lett ut store blokker som blir liggande att på svaberget i sona der brottsjøen slår inn. Her er det registrert omlag 180 bregneblad. Sørsida av Sveksteinen er den største kjende havburkneførekosten i Fjell, og kanskje i landet.

Registrerte raudlisteartar

Havburkne *Asplenium marinum* (R)

Registrert av Bjørn Moe

Dato 04.09.2001

Lokalitet 15 Søre Lambøyna

| | | | |
|-----------|------------------------|-------|------------|
| Hovudtype | Kyst og havstrand | Areal | 2,8 da |
| Undertype | Rullesteinstrand (G04) | Verdi | B - viktig |

Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Søre Lambøyna er ei av dei eksponerte øyane i den ytre skjergarden. På austsida av øya ligg det ei samling rullestein godt avgrensa mot bergknausar av fast fjell. Materialet er uvanleg godt avrunda og består av middels grovt materiale, for det meste stein og grus. Det er tidlegare registrert to individ av østersurt på denne stranden.

Et forsøk på å gå i land i 2001 måtte avbrytast pga. grov sjø.

Karakteristiske artar

Østersurt *Mertensia maritima*

rosenrot *Rhodiola rosea*

fjørrekoll *Armeria maritima*

gåsemure *Potentilla anserina*

strandkjeks *Ligusticum scoticum*

fuglevikke *Vicia cracca*

klengemaure *Galium aparine*

tiriltunge *Lotus corniculatus*

Registrert av Alv Terje Fotland

Dato 14.08.1996

Lokalitet 16 Buarøyna

| | | | |
|-----------|----------------------------|-------|------------------|
| Hovudtype | Rasmark, berg og kantkratt | Areal | 0,4 da |
| Undertype | Sørvendte berg (B01) | Verdi | A - svært viktig |

Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Buarøyna ligg nord for Algrøyna og er skilt frå Dyrøyna med eit trangt, lite sund. Øya har bratte klippeveggar mot vest og sørvest, medan i aust skrånar terrenget slakt mot sjøen. Sørvestpynten av Buarøyna ligg eksponert mot havet og blir mykje påverka av saltdrev frå bølgjer.

Klippeveggen i sørvest inneholder fleire horisontale sprekker i ulike høgdenivåer frå 4 til 10 moh., så vidt over direkte påverknad frå bølgjene. Her veks havburkne fleire stader, mest eksponert innunder svaberget like ved sørvestpynten av øya. Bregna står her i nokre få tuer med sjøen rett under. Lenger aust i klippeveggen er planten noko meir skjerma av 1-2 m djupe overheng. Totalt på lokaliteten er det tilsaman ca. 85 bregneblad fordelt på mange tuer. Der planten står noko skjerma, er det meir vegetasjon i forkant av bergveggen. Vanlege artar er einer, røsslyng, purpurlyng og heistarr. Desse

plantane skjermar bergsprekkene, men bør ikkje vekse så tett at det blir for lite lys for havburkna. Havburkne vart registrert på Buarøyna første gang av Torkel Lillefosse i 1913.

Registrerte raudlisteartar

Havburkne *Asplenium marinum* (R)

Karakteristiske artar

Purpurlyng *Erica cinerea*, heistarr *Carex binervis*

Registrert av Bjørn Moe

Dato 14.09.2001

Lokalitet 17 Kråkøyna

Hovudtype Rasmark, berg og kantkratt

Areal 1,2 da

Undertype Sørvendte berg (B01)

Verdi A - svært viktig

Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Kråkøyna ligg like nord for Algrøyna, og Klubbensundet som ligg imellom er ca. 100 breitt. Kråkøyna er avlang med ein bratt klippevegg som vender rett mot sør. Denne veggen er ca. 20 m høg og inneheld fleire overheng øvst som stikk ut som eit høgt tak. Overhenga er store og danna ved stadig utrasing frå veggen under, og det ligg fleire kjempeblokker på svabergen under. Det er imponerande dimensjonar over denne klippeveggen. Fleire stader er det ein kvit farge i bergsprekkene som truleg skuldast utfelling av kalk frå berggrunnen.

Minst 10 m inne i berget, målt frå ytterkanten av den overhengende bergveggen, veks havburkne godt skjerma mot direkte regnvatn. Den veks i store og små tuer på fem stader over ei utstrekning på rundt 120 m. Her er totalt ca. 70 bregneblad. Alle plantane veks 5-10 moh., og 10-15 m frå sjøen. Mellom havburknene og sjøen ligg eit blankskurt svaberg som nærmast utgjer ein skjermande plattform mot brottsjørar.

Registrerte raudlisteartar

Havburkne *Asplenium marinum* (R)

Karakteristiske artar

Fuglevikke *Vicia cracca* loppestarr *Carex pulicaris*

purpurlyng *Erica cinerea*

heistarr *Carex binervis*

vivendel *Lonicera periclymenum*

Registrert av Bjørn Moe

Dato 14.09.2001

Lokalitet 18 Klubben

Hovudtype Rasmark, berg og kantkratt

Areal 0,4 da

Undertype Nordvendte berg (H00 - Andre viktige førekomstar)

Verdi C - lokalt viktig

Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Klubben er eit lite nes med beitemark nord på Algrøyna. På nordsida av neset går det ei bratt skråning opp frå sjøen som endar i ein bergvegg med tett mosedekke, mest kystkransemose (*Rhytidadelphus loreus*). Hinnebregne veks eit par stader i den nordvendte bergveggen, og planten dekker eit areal på om lag 1 m².

Registrerte raudlisteartar

Hinnebregne *Hymenophyllum wilsonii* (V)

Karakteristiske artar

Skogburkne *Athyrium filix-femina*, sauetelg *Dryopteris expansa*, sisselrot *Polypodium vulgare*

Registrert av Bjørn Moe

Dato 28.09.2001

Lokalitet 19 Jonsokhaugen

Hovudtype Rasmark, berg og kantkratt

Areal 1 da

Undertype Nordvendte berg (H00 - Andre viktige førekomstar)

Verdi C - lokalt viktig

Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Jonsokhaugen ligg i eit beitetlandskap ved den sørlege delen av busetnaden på Algrøyna. Det er ein markert kolle med ei stupbratt side som vender mot nord og nordnordvest. Denne sida består av bergveggar på om lag 20 meters høgde. I ei kløft i berget er det litt vass-sig, særleg etter periodar med mykje nedbør. Dette gir høg luftfukt. Buskar og små tre av rogn veks spreidd på hyller i berget. Det er høg dekning av mosar i berget, deriblant dei oseaniske dronningmose, raudmuslingmose og kystkransmose. Hinnebregne veks blant mosane og dekker til saman rundt 0,5 m² innanfor eit felt på 2 x 2 m.

Registrerte raudlisteartar

Hinnebregne *Hymenophyllum wilsonii* (V)

Karakteristiske artar

| | | |
|------------------------------------|---------------------------------------|---|
| Storfrytle <i>Luzula sylvatica</i> | raudmuslingmose <i>Mylia taylorii</i> | stripefoldmose <i>Diplophyllum albicans</i> |
| blåknapp <i>Succisa pratensis</i> | dronningmose <i>Hookeria lucens</i> | kystkransmose <i>Rhytidadelphus loreus</i> |

Registrert av Bjørn Moe

Dato 19.10.2001

Lokalitet 20 Smalaneset

Hovudtype Kulturlandskap

Areal 578 da

Undertype Kystlynghei (D07)

Verdi B - viktig

Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Smalaneset ligg lengst nordvest på Algrøyna, sterkt eksponert mot ope hav. Området er avgrensa mot sjøen i nord, sør og vest, medan i aust ligg grensa mot innmark. Terrenget er stadvis nokså flatt og minner om eit slettelandskap. Her er mykje berg i dagen som utgjer små aust-vestgåande ryggar. I vest og sørvest er terrenget meir kupert med bratte klipper, men dei er sjeldan meir ein nokre få meter høge.

Området er ei kystlynghei i ganske god stand. Viktige lyngartar som røsslyng og klokkeling er ganske kortvokste og relativt lite forveda. Krekling veks helst tørt på dei veldrenerte ryggane. Eineren gjer lite av seg og dannar helst ei lav, krypende form, ofte saman med krypvier. Det er elles ingen tre eller buskar i området. Vegetasjonen gir inntrykk av å vere i bra hevd, og det går framleis sau på beite her.

Lengst i vest er lyngmarka brent innanfor eit lite område. Her har eineren forsvunne medan purpurlyng har tatt seg opp. Purpurlyng er ganske vanleg i heile området, særleg på sørsida av bergknauser. I fleire klippeveggar førekjem blankburkne i til dels store bestandar.

Denne kystlyngheia er i bra stand fordi den blir halden i ei viss hevd, men sterk eksponering mot ope hav er òg med på å dempe attgroinga.

Karakteristiske artar

| | | |
|-----------------------------------|--|---|
| røsslyng <i>Calluna vulgaris</i> | blankburkne <i>Asplenium adiantum-nigrum</i> | kystgrisøre <i>Hypochoeris radicata</i> |
| klokkeling <i>Erica tetralix</i> | heisiv <i>Juncus squarrosum</i> | fagerperikum <i>Hypericum pulchrum</i> |
| purpurlyng <i>Erica cinerea</i> | heistarr <i>Carex binervis</i> | blåknapp <i>Succisa pratensis</i> |
| krekling <i>Empetrum nigrum</i> | krypvier <i>Salix repens</i> | rosenrot <i>Rhodiola rosea</i> |
| rome <i>Narthecium ossifragum</i> | | |

Inngrep og aktuelle trugsmål

Attgroing

Aktuelle forvaltingstiltak

Beiting og brenning.

Registrert av Bjørn Moe

Dato 19.10.2001

Lokalitet 21 Storavatnet

Hovudtype Ferskvatn/våtmark

Areal 1,1 da

Undertype Mudderbankar (E02)

Verdi C - lokalt viktig

Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Lokaliteten ligg inst i ei smal bukt, lengst nordvest i Storavatnet. Ein bratt fjellknaus mot sør stenger for innstråling og gjer lokaliteten skuggefull. Strandsona består av finkorna materiale som sand og silt, iblanda litt stein. Stranda har ei slak skråning ut mot vatnet slik at dette har karakter av eit lite gruntvassområde. Naturtypen går om lag 10 m innover land og 10 m ut i vatnet, (men er sjølv sagt avhengig av kor mykje nedbør det har falt). I vegetasjonstypen kortskotstrand inngår typiske artar som tjønngras og botnegras. Desse artane er tilpassa store vekslingar i vasstanden og står med bladrosettar både inne på land og ute på i vatnet, i alle fall til 1 meters djup. I vatnet er flytebladplantar som tjønnaks og flotgras karakteristiske. Elles inngår fleire myr- og sumpplantar.

Karakteristiske artar

| | | |
|---|--|---|
| Botnegras <i>Lobelia dortmanna</i> | mannasøtgras <i>Glyceria fluitans</i> | grønstellarr <i>Carex demissa</i> |
| tjønngras <i>Littorella uniflora</i> | pors <i>Myrica gale</i> | rome <i>Narthecium ossifragum</i> |
| grøftesoleie <i>Ranunculus flammula</i> | flotgras <i>Sparganium angustifolium</i> | duskull <i>Eriophorum angustifolium</i> |
| myrfiol <i>Viola palustris</i> | rundsoldogg <i>Drosera rotundifolia</i> | tjønnaks <i>Potamogeton natans</i> |
| krypsiv <i>Juncus supinus</i> | stjernestarr <i>Carex echinata</i> | |

Registrert av Bjørn Moe

Dato 28.09.2001

Lokalitet 22 Langtrotten

Hovudtype Kyst og havstrand

Areal 14 da

Undertype Kalkrike strandberg (G09)

Verdi C - lokalt viktig

Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Langtrotten er det vestligaste punktet på Algrøyna og ligg som eit nes fritt eksponert mot storhavet. Neset har markert ryggform og når 22 moh. på det høgaste. I ryggen si lengderetning er det fleire aust-vestgåande sprekker gjennom det ellers så glatte svaberget. Nokre mindre sprekker går i nord-sør retning. Ei rekke plantar har funne rotfeste i sprekene i svaberget og dannar eit eige samfunn i det verharde miljøet. Det inneheld stort sett vanlege artar som kystbergknapp, fjørekoll og raudsvingel.

Denne lokaliteten passar best under naturtypen kalkrike strandberg sjølv om bergarten er heller kalkfattig.

Karakteristiske artar

| | | |
|--|--------------------------------------|--------------------------------------|
| Fjørekoll <i>Armeria maritima</i> | kystarve <i>Cerastium diffusum</i> | tiriltunge <i>Lotus corniculatus</i> |
| skjørbuksurt <i>Cochlearia officinalis</i> | strandjempe <i>Plantago maritima</i> | følblom <i>Leontodon autumnalis</i> |
| rosenrot <i>Rhodiola rosea</i> | strandstjerne <i>Aster tripolium</i> | sløke <i>Angelica sylvestris</i> |
| kystbergknapp <i>Sedum anglicum</i> | tunrapp <i>Poa annua</i> | messinglav <i>Xanthoria</i> sp. |
| strandsmelle <i>Silene uniflora</i> | raudsvingel <i>Festuca rubra</i> | klipperagg <i>Ramalina siliquosa</i> |
| sylarve <i>Sagina subulata</i> | | |

Registrert av Bjørn Moe

Dato 28.09.2001

Lokalitet 23 Barmesundet

Hovudtype Rasmark, berg og kantkratt

Areal 0,2 da

Undertype Sør vendte berg (B01)

Verdi C - lokalt viktig

Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

På sørsida av Barmane, der steile klipper stuper rett i sjøen ved Barmsundet, er det ein liten førekomst av havburkne, den einaste som er registrert på Algrøyna. Like vest for ei djup kløft som går nord-sør, går det ein horizontal sprek under ein 4 m høg vertikal fjellvegg. I forkant av berget ligg det eit nesten horisontalt svaberg på ca. 8 meters lengde. Der dette sluttar går det bratt ned til sjøen ca. 20 m nedanfor. Det vertikale berget dannar eit overheng på om lag ein meters djupne. Her veks det tre små tuer med havburkne, til saman 15 bregneblad. Plantane er småvokste og litt brungrøne i fargen, noko som kan indikere ugunstige vekstforhold, som uttørking eller for lite lys. Små plantar kan også tyde på at individua er unge og nyetablerte.

Lokaliteten grensar til kystlynghei, med m.a. heistarr, klokkelyng og purpurlyng.

Registrerte raudlisteartar

Havburkne *Asplenium marinum* (R)

Karakteristiske artarPurpurlyng *Erica cinerea*, heistarr *Carex binervis***Registrert av** Bjørn Moe**Dato** 28.09.2001**Lokalitet 24 Sandholet****Hovudtype** Kyst og havstrand**Areal** 0,9 da**Undertype** Sandstrender (rullestein, sand) (G04)**Verdi** B - viktig**Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering**

Sandholet ligg inst i ei bukt sørvest på Algrøyna. Storhavet står rett på, spesielt når vindretninga er sørvestleg. Lausmassene er av stor rullestein, men også med innslag av sand. Det er registrert eitt individ av østersurt, og fleire andre strandplanter som er litt sjeldne i kommunen, til dømes knortestarr og strandarve.

Karakteristiske artar

| | | |
|---------------------------------------|---|--------------------------------------|
| Østersurt <i>Mertensia maritima</i> | strandkjeks <i>Ligusticum scoticum</i> | knortestarr <i>Carex otrubae</i> |
| strandstjerne <i>Aster tripolium</i> | strandkann <i>Angelica archangelica</i> ssp. <i>litoralis</i> | takrøy <i>Phragmites australis</i> |
| strandkjempe <i>Plantago maritima</i> | rosenrot <i>Rhodiola rosea</i> | strandarve <i>Honkenya peploides</i> |

Registrert av Alv Terje Fotland**Dato****Lokalitet 25 Lundevatnet****Hovudtype** Rasmark, berg og kantkratt**Areal** 0,1 da**Undertype** Nordvendte berg (H00 - Andre viktige førekommstar)**Verdi** C - lokalt viktig**Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering**

Lundevatnet ligg i det samme vassdraget som Storavatnet, lengre sør og eit par meter høgare (ca. 10 moh.). På vestsida av vatnet går det ei kløft i berget på nordsida av ein kolle. Kløfta er 2 m brei og 3 m djup, skuggefull og med høg luftfukt. Direkte innstråling frå sola førekjem aldri.

I denne kløfta veks det mosar som krev høg luftfukt. Hinnebregne førekjem spreidd innanfor eit areal på omlag 1 m².

Registrerte raudlisteartarHinnebregne *Hymenophyllum wilsonii* (V)**Karakteristiske artar**Bjønnkam *Blechnum spicant*, stripefoldmose *Diplophyllum albicans*, kysttvebladmose *Scapania gracilis***Registrert av** Bjørn Moe**Dato** 28.09.2001**Lokalitet 26 Maratjørna****Hovudtype** Myr**Areal** 12 da**Undertype** Intakt lavlandsmyr (A01)**Verdi** C - lokalt viktig**Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering**

Maratjørna ligg i samme vassdrag som Storavatnet og Lundevatnet, lengre aust og noko høgare (14 moh.). Tjørnet fyller ei flate omgitt av kollar i lystheia. Frå Maratjørn fortset vassdraget nordover til Voksvatnet, 20 moh. Avstanden frå nordenden av Maratjørn til den sørlege kanten av Voksvatnet er 350 m. Her det myrvegetasjon på ulike typar torvavsetninger.

Maratjørn er ei attgroingsmyr som har grodd mest til med torv i kanten mot sørvest og i nord. Vegetasjonen består av mjukmatter ytst, med karakteristiske artar som dystarr, trådstarr, bukkeblad og kvitmyrak. Lenger inne er det fastmatter dominert av rome og blåtopp. I skråninga opp mot Voksvatnet er det grunnare torv med mykje pors. Der det flatar ut øvst, inngår takrøy spreidd, helst som små sterile individ, mindre enn 1 m høge strå.

Denne myra ligg fint avgrensa utan påverknad av noko slag. Dei registrerte myrplantane er vanlege artar, men typiske for distriktet.

Karakteristiske artar

Trådstarr *Carex lasiocarpa*
 dystarr *Carex limosa*
 kvit nøkkerose *Nymphaea alba*
 bukkeblad *Menyanthes trifoliata*
 duskull *Eriophorum angustifolium*

myrhatt *Potentilla palustris*
 tranebær *Vaccinium oxycoccus*
 blåtopp *Molinia caerulea*
 småpiggnopp *Sparganium natans*
 kvitmyrak *Rhynchospora alba*

gytjeblærerot *Utricularia intermedia*
 takrøyr *Phragmites australis*
 pors *Myrica gale*
 rome *Narthecium ossifragum*
 klokkeling *Erica tetralix*

Registrert av Bjørn Moe

Dato 28.09.2001

Lokalitet 27 Lokøyna

Hovudtype Kulturlandskap

Areal 478 da

Undertype Kystlynghei (D07)

Verdi C - lokalt viktig

Områdeskildring og grunngjerving for verdivurdering

Den vestlege delen av Lokøyna har eit område med lynchhei som ligg avgrensa mot sjøen i vest. I sør går det bratte klipper i sjøen som held fram nordover mot Storavatnet. Denne lynchheia ligg som eit platå ca. 20-50 moh. Røsslyngen er grovvokst, høg og mykje forveda. Her er ganske mykje einer og nokre buskar av rogn og furu. Lyngvegetasjonen er mange stader såpass attgrodd at beiteverdien er liten. Men her er òg mindre attgrødde parti med kortvokst røsslyng, spesielt på rabbar som ligg utsett til for ver og vind. Her inngår òg krekling og mjølbær, og på litt lunere stader også purpurlyng. Vegetasjonen er stadvis dominert av fukthei med mykje storbjønnskjegg, blåtopp og rome. Fukthei førekjem særlig på stader med dårlig drenering.

Den nordlege delen av området er ikkje undersøkt.

Karakteristiske artarPurpurlyng *Erica cinerea*rome *Narthecium ossifragum*mjølbær *Arctostaphylos uva-ursi*blåtopp *Molinia caerulea*krekling *Empetrum nigrum*heistarr *Carex binervis*storbjønnskjegg *Trichophorum cespitosum* ssp. *germanicum*vivendel *Lonicera periclymenum***Inngrep og aktuelle trugsmål**

Gjengroing

Aktuelle forvaltingstiltak

Området bør restaurerast for å ha verdi som kystlynghei. Aktuelle tiltak er brenning og beiting.

Registrert av Bjørn Moe

Dato 28.08.2001

Lokalitet 28 Lokøyna sørvest

Hovudtype Rasmark, berg og kantkratt

Areal 0,4 da

Undertype Nord vendte berg (H00 - Andre viktige førekomstar)

Verdi C - lokalt viktig

Områdeskildring og grunngjerving for verdivurdering

På den sørvestlege delen av Lokøyna (lokalitet 27) går det ei bratt skråning mot sjøen som vender mot nordvest. I ei kløft med høg luftfukt om lag 15 moh., veks hinnebregne saman med oseaniske mosar som storstylte og raudmuslingmose.

Registrerte raudlisteartarHinnebregne *Hymenophyllum wilsonii* (R)**Karakteristiske artar**Storstylte *Bazzania trilobata*, raudmuslingmose *Mylia taylorii*

Registrert av Bjørn Moe

Dato 28.08.2001

Lokalitet 29 Syltøyna

Hovudtype Kyst og havstrand
Undertype Brakkvasspollar (G08)

Areal 5,6 da
Verdi B - viktig

Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

På nordsida av Syltøyna ligg det ein liten brakkvasspoll, omlag 150 m lang og 30 m brei. Bassenget er grunt og ligg ca. 1 moh. Lokaliteten er avsnørt frå havet med ein liten kanal og ein terskel i aust. Det er lite utskifting av vannmassane. Sjøen kjem inn i bassenget ved springflo. Her er noko fast fjell i vasskanten, men det meste av botnen er dekt av finkorna sediment, mest sand og silt iblanda mykje organisk materiale. Bassenget får dermed mudderaktige botnforhold. Marine algar er vanlege, spesielt grønalgar.

Det er store mengder havgras her, både i vassflata og under vatn. Nede i vatnet veks det òg trådtjønnaks, fortrinnsvis på nordsida av bassenget. Havgras og trådtjønnaks er typiske brakkvassartar som ikkje er særleg vanlege i kommunen.

Karakteristiske artar

Havgras *Ruppia maritima*
trådtjønnaks *Potamogeton filiformis*
rustsivaks *Blysmus rufus*

fjøresivaks *Eleocharis uniglumis*
myrklegg *Pedicularis palustris*
hanekam *Lychnis flos-cuculi*

krypkvein *Agrostis stolonifera*

Registrert av Bjørn Moe

Dato 29.08.2001

Lokalitet 30 Løten

Hovudtype Kyst og havstrand
Undertype Strandeng og strandsump (G05)

Areal 44 da
Verdi A - svært viktig

Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Løten utgjer den vestlegaste delen av Hitsøyna, avgrensa frå hovedøya med ein bratt bergvegg. Imellom ligg det òg eit flatt strandområde med lausmassar. Den sørlege delen av Løten består av eit spesielt landskap med strandklipper, beitemark, strandeng og nokre små tjørn tilknytt eit lite vassdrag. Det går sauver på beite i området. Sterk eksponering mot ope hav gir ei forskyvning av stranda innover land. Miljøet er dermed ei blanding av ulike biotopar som strand, ferskvatn og myr, og det er vanskeleg å plassere naturtypen i ein enkelt naturtype.

I den fuktige jorda, til dels på torv, veks det skjoldblad i store mengder. Det veks òg skaftevjeblom i mudderet i kantsona av dei små tjørna. Elles førekjem ei rekke strandplantar og myrplantar, dei fleste ganske vanlege artar.

Registrerte raudlisteartar

Skaftevjeblom *Elatine hexandra* (DC)

Karakteristiske artar

Skjoldblad *Hydrocotyle vulgaris*
rustsivaks *Blysmus rufus*
fjøresivaks *Eleocharis uniglumis*
myrklegg *Pedicularis palustris*
hanekam *Lychnis flos-cuculi*

krypkvein *Agrostis stolonifera*
gåsemure *Potentilla anserina*
havsivaks *Schoenoplectus maritimus*
grøftesoleie *Ranunculus flammula*
mannasøtgras *Glyceria fluitans*

myrsaulauk *Triglochin palustris*
bukkeblad *Menyanthes trifoliata*
flotgras *Sparganium angustifolium*
kysttjønnaks *Potamogeton polygonifolius*

Registrert av Bjørn Moe

Dato 14.09.2001

Lokalitet 31 Søre Løtevågen

Hovudtype Kyst og havstrand
Undertype Strandeng og strandsump (G05)

Areal 0,5 da
Verdi C - lokalt viktig

Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Søre Løtevågen er ei trang bukt mellom Hitsøyna og Løten. På austsida av vågen ligg det eit lite strandområde som består av strandeng, strandsump og strandberg. I sumpen er det til tider stagnerande fuktigkeit og eit lite brakkvassmiljø i sokka mellom bergknausar. Her førekjem sverdlilje, hesterumpe, soleihov og fleire andre sumpplanter. På knausane er rosenrot og kystbergknapp karakteristiske artar. Skjoldblad førekjem i eit stort bestand over ca. 5 m². Planten står innanfor eit gjerde. På utsida av gjerdet er strandvegetasjonen påverka av beiting.

Karakteristiske artar

Skjoldblad *Hydrocotyle vulgaris*
 rosenrot *Rhodiola rosea*
 fjørekoll *Armeria maritima*
 kystbergknapp *Sedum anglicum*
 tiriltunge *Lotus corniculatus*

fulgevikke *Vicia cracca*
 småengkall *Rhinanthus minor*
 hanekam *Lychnis flos-cuculi*
 soleihov *Caltha palustris*
 hesterumpe *Hippuris vulgaris*

krypkvein *Agrostis stolonifera*
 mannasøtgras *Glyceria fluitans*
 bukkeblad *Menyanthes trifoliata*
 sverdlilje *Iris pseudacorus*

Inngrep og aktuelle trugsål

Lokaliteten ligg delvis innanfor eit gjerde i tilknytning til ei lita hytte.

Registrert av Bjørn Moe

Dato 14.09.2001

Lokalitet 32 Hitsøyna

Hovudtype Rasmark, berg og kantkratt

Areal 0,7 da

Undertype Nordvendte berg (H00 - Andre viktige førekomstar)

Verdi C - lokalt viktig

Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Lokaliteten ligg sør på Hitsøyna i eit kupert terregn med knausar omgitt av beitemark. Området blir beita av sauер som hjelper til med å halde dette gamle kulturlandskapet i hevd. Mellom knausane går det fleire små dalar og kløfter med bergveggar som ligg vendt mot nord. I ein bergvegg på 5 meters høgde veks det mengder av hinnebregne. Arten trives spesielt godt saman med kysttvebladmose og andre mosar på stader med høg luftfukt.

Registrerte raudlisteartar

Hinnebregne *Hymenophyllum wilsonii* (V)

Karakteristiske artar

Rosenrot *Rhodiola rosea*, kysttvebladmose *Scapania gracilis*

Registrert av Bjørn Moe

Dato 14.09.2001

Lokalitet 33 Grottvika

Hovudtype Kyst og havstrand

Areal 3,5 da

Undertype Sandstrender (G04) (grus, stein og litt sand)

Verdi B - viktig

Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Grottvika ligg vest på Løno med open eksponering mot storhavet. Stranda i denne bukta ligg spesielt verhardt til i forhold til vind og grov sjø frå sørvest. Det ligg nokre grove blokker nedst nærmast sjømålet. Her er det lite slutta vegetasjon pga. rørsler i lausmassene. Berre ettårige artar som tangmelde og vassarve klarar seg.

Omlag 30 m inne på stranda er det meir sammenhengande vegetasjon på det noko finare materialet av grus, stein og litt sand. Herfrå dannar strandvegetasjonen eit belte som går 20 m vidare innover land. Vegetasjonen er best utvikla der det er god fukt i jorda.

I tillegg dei vanlegaste strandplantane førekjem sandstarr, ein art som ikkje er kjent frå Hordaland tidlegare. Den har lange, krypende utløparar og sprer seg vegetativt i dei finere lausmassene. Knortestarr, som òg veks her, førekjem på fleire strender, men er likevel ikkje vanleg i Fjell.

Karakteristiske artar

Vassarve *Stellaria media*

skjørbuksurt *Cochlearia officinalis*

musestarr *Carex serotina* ssp. *pulchella*

tangmelde *Atriplex prostrata*

klengemaure *Galium aparine*

sandstarr *Carex arenaria*

gåsemure *Potentilla anserina*

strandkjempe *Plantago maritima*

skjoldberar *Scutellaria galericulata*

strandrug *Leymus arenarius*

engrapp *Poa pratensis*

hanekam *Lychnis flos-cuculi*

raudsvingel *Festuca rubra*

knortestarr *Carex otrubae*

mjødurt *Filipendula ulmaria*

Registrert av Bjørn Moe

Dato 19.09.2001

Lokalitet 34 Nordrevågen - Sandkeila

| | | | |
|-----------|---|-------|------------------|
| Hovudtype | Kyst og havstrand, Kulturlandskap | Areal | 137 da |
| Undertype | Strandeng og strandsump (G05), Naturbeitemark (D04) | Verdi | A - svært viktig |

Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Lokaliteten omfattar den nordlegaste delen av Løno (nord for steingarden), avgrensa av Nordrevågen i vest og Sandkeila i aust. I dei to buktene er det strandvegetasjon som lausmassene her dannar grunnlaget for. Nordrevågen består av rullesteinstrand, medan substratet på Sandkeila er finere sand og grus. Strandsona rundt nordlege del av Løno består elles av eksponerte klipper og berg som går rett i sjøen. Bølgene skyllar langt innover land og det blir danna mykje svaberg, spesielt i nordvest. Strandvegetasjonen forskyvast innover land, slik at plantar knytt til havstrand førekjem i heivegetasjon, beitemark og i mindre vasspytter. I dette miljøet blir det danna ein spesiell vegetasjon som det kan vere vanskelig å plassere innan dei definerte naturtypane. Ei blanding av strandvegetasjon og beitemark er karakteristisk. Fleire av artene som inngår er sjeldne i fylket.

Skjoldblad opptrer i store mengder, spesielt der det er god fukt. Den førekjem også som vassform i små pyttar saman med brakkvassplanten pølstarr. Pusleblom veks i sprekker på eksponerte bergknausar som manglar slutta vegetasjon. I den nordvendte berghammaren like innanfor Nordrevågen veks hinnebregne i ei fuktig kløft.

Registrerte raudlisteartar

Hinnebregne *Hymenophyllum wilsonii* (V)
pusleblom *Anagallis minima* (DC)

Karakteristiske artar

Skjoldblad *Hydrocotyle vulgaris*
pølstarr *Carex mackenziei*
myrsaulauk *Triglochin palustris*
fjørkoll *Armeria maritima*
kystbergknapp *Sedum anglicum*
mjuksivaks *Eleocharis mamillata*

kildeurt *Montia fontana*
grøftesoleie *Ranunculus flammula*
heisiv *Juncus squarrosum*
strandrug *Leymus arenarius*
strandbalderbrå *Matricaria maritima*
gåsemure *Potentilla anserina*

strandkryp *Glaux maritima*
saltsiv *Juncus gerardii*
skjørbuksurt *Cochelaria officinalis*

Inngrep og aktuelle trugsmål

Attgroing, men den går saktare her ute i havgapet.

Aktuelle forvaltingstiltak

Oppretthalde beiting.

Registrert av Bjørn Moe

Dato 19.09.2001

Lokalitet 35 Lønovågen

| | | | |
|-----------|-------------------|-------|------------|
| Hovudtype | Kulturlandskap | Areal | 194 da |
| Undertype | Kystlynghei (D07) | Verdi | B - viktig |

Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Det var fast busetnad på Løno i tida 1845-1951. På det meste budde det 50 personar her i 7 bustadhús. Øya hadde eigen skule. Folket var sjølvforsynt med poteter, grønsaker og for til dyra. Det er framleis beiting av sau her.

Dagens beiting hjelper til med å halde eit gammelt kulturlandskap i hevd. Medan grasvekster er vanlegast i den nordlege og vestlege delen av Løno, er det lynghei i søraust, aust for Lønovågen. Røsslyng og klokkeling dominarar, og her er spreidd heisiv, heistarr og kystgrisøyre. Lyngen er lavvokst og i relativt god stand. Her er ingen buskar eller tre når vi ser bort i frå litt kortvokst øyrevarer og spreidd einer. I nokre skrånningar, spesielt under bratte berg, dominerer storfrytle. Her er òg ein førekommst med hinnebregne i ein bergvegg som vender mot nordvest, omlag ved innløpet til Lønovågen.

Registrerte raudlisteartar

Hinnebregne *Hymenophyllum wilsonii* (V)

Karakteristiske artar

Røsslyng *Calluna vulgaris*, klokkeling *Erica tetralix*, heisiv *Juncus squarrosum*, heistarr *Carex binervis*, kystgrisøyre *Hypochaeris radicata*, øyrevarer *Salix aurita*, krypvier *Salix repens*, storbjørnnskjegg *Trichophorum cespitosum* ssp. *germanicum*, storfrytle *Luzula sylvatica*

Aktuelle forvaltingstiltak

Oppretthalde beitinga.

Registrert av Bjørn Moe

Dato 19.09.2001

Lokalitet 36 Blandingsvatnet vest

Hovudtype Rasmark, berg og kantkratt

Areal 1,6 da

Undertype Nordvendte berg (H00 - Andre viktige førekomstar)

Verdi C - lokalt viktig

Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Lokaliteten ligg ved Blandingsvatnet sørvest i kommunen. Det går ein liten dal aust-vest som munnar ut i ei bukt på vestsida av Blandingsvatnet. På sørsida av dalen er det ein steil bergvegg på ca. 20 meters høgde. Den ligg eksponert mot nord og har høg luftfukt og mykje skugge. I bergveggen veks hinnebregne blant mosar innanfor eit areal på omlag 1 m².

Registrerte raudlisteartar

Hinnebregne *Hymenophyllum wilsonii* (V)

Karakteristiske artar

Stripefoldmose *Diplophyllum albicans*

Inngrep og aktuelle trugsår

Eit plantefelt med sitkagran står like i nærliken og har skuggeverknad på lokaliteten.

Registrert av Bjørn Moe

Dato 18.09.2001

Lokalitet 37 Blandingsvatnet sør

Hovudtype Kyst og havstrand

Areal 1,7 da

Undertype Brakkvasspollar (G08)

Verdi C - lokalt viktig

Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Blandingsvatnet er eit relativt stort brakkvassbasseng som ligg avsnørt frå sjøen inst i Djupsvågen. Det er mykje berg og stort sett lite vegetasjon i strandkanten. Lengst i sørvest ligg det ei lita bukt (om lag 50 x 20 m) som er godt skjerma og nesten isolert frå resten av vatnet. I kontakten mot sjøen ligg det nokre store blokker som gjer at forbindelsen til sjøen blir lite synlig. Saltvasspåverknaden er liten, men springfloa går heilt inn. I bukta ligg det finkorna materiale, særlig sand og leire, men også litt grus.

Strandvegetasjonen er dominert av rustsivaks og saltsiv, medan andre artar står meir spredt. Her er fleire indikatorartar for rikmyr, t.d. myrsaulauk og småsivaks som indikerer næringshaldig leire. I delar av bukta er det sumpvegetasjon med mjødurt, pors og stadvis buskar med øyrevier.

Karakteristiske artar

Myrsaulauk *Triglochin palustris*

musestarr *Carex serotina* ssp. *pulchella*

gåsemure *Potentilla anserina*

fjøresaulauk *Triglochin maritima*

saltstarr *Carex vacillans*

gytjeblærerot *Utricularia intermedia*

hanekam *Lychnis flos-cuculi*

krypkvein *Agrostis stolonifera*

myrmaure *Galium palustre*

rustsivaks *Blysmus rufus*

saltsiv *Juncus gerardii*

myrmjølke *Epilobium palustris*

fjøresivaks *Eleocharis uniglumis*

strandkjempe *Plantago maritima*

pors *Myrica gale*

småsivaks *Eleocharis quinqueflora*

mjødurt *Filipendula ulmaria*

øyrevier *Salix aurita*

Inngrep og aktuelle trugsår

Attgroing med busker og kratt

Registrert av Bjørn Moe

Dato 18.09.2001

Lokalitet 38 Vassenden

Hovudtype Ferskvatn/våtmark

Areal 1,9 da

Undertype Mudderbankar (E02)

Verdi C - lokalt viktig

Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Vassenden er den nordlege bukta av Storavatnet (Kvernvatnet) som ligg solrikt og eksponert mot sør. Substratet er stein med litt grus og noko finkorna sand. Både i strandsona og innanfor er det beitemark som blir halden i hevd. Vegetasjonen består av ei kortskotstrand med tjønngras og botnegras som karakteristiske artar.

Karakteristiske artar

Tjønngras *Littorella uniflora*
 botnegras *Lobelia dortmanna*
 grøftesoleie *Ranunculus flammula*
 flotgras *Sparganium angustifolium*

ryllsiv *Juncus articulatus*
 krysiv *Juncus supinus*
 trådsiv *Juncus filiformis*

blåtopp *Molinia caerulea*
 mannasøtgras *Glyceria fluitans*
 elvemose *Fontinalis antipyretica*

Registrert av Bjørn Moe**Dato** 18.09.2001**Lokalitet 39 Bøtjørna****Hovudtype** Ferkvann/våtmark**Areal** 13 da**Undertype** Rike kulturlandskapssjøar (E08), Mudderbankar (E02)**Verdi** C - lokalt viktig**Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering**

Bøtjørna ligg ved Kallestad og er eit ca. 300 m langt tjørn med ei avlang form. I nord er det beitemark og dyrka mark heilt til vasskanten. Vegetasjonen blir påverka av trakk og slitasje. Mot aust grensar vatnet mot lynghei, medan det i sør er bjørkeskog. Strandsona er naturleg med unntak av eit parti i vest der det er reist ein steinmur. I tjørnet er det store mengder flaskestarr som dekker heile bukta i sør, delvis saman med mykje bukkeblad og elvesnelle. Desse dominerande artane bidrar sterkt til attgroing og myrdanning i kanten av tjørna. Av plantar med flyteblad er det spesielt mykje vanleg tjønnaks.

På fast botn og litt grunt vatn er det mudderbank med kortskotstrand. Her er tjønngras og botnegras karakteristiske artar. Bøtjørna har ein produktiv vegetasjon med ei rekke vass- og sumpplantar, men det er stort sett svært vanlege artar som inngår.

Karakteristiske artar

Vanlig tjønnaks *Potamogeton natans*
 grastjønnaks *Potamogeton gramineus*
 flaskestarr *Carex rostrata*
 bukkeblad *Menyanthes trifoliata*
 elvesnelle *Equisetum fluviatile*
 tjønngras *Littorella uniflora*
 botnegras *Lobelia dortmanna*

mannasøtgras *Glyceria fluitans*
 krypkvein *Agrostis stolonifera*
 grøftesoleie *Ranunculus flammula*
 gul nøkkerose *Nuphar lutea*
 kvit nøkkerose *Nymphaea alba*
 flotgras *Sparganium angustifolium*

soleihov *Caltha palustris*
 myrmjølke *Epilobium palustre*
 vasspepper *Polygonum hydropiper*
 myrhatt *Potentilla palustris*
 dikevasshår *Callitricha stagnalis*
 gytjeblærerot *Utricularia intermedia*

Registrert av Bjørn Moe**Dato** 18.09.2001**Lokalitet 40 Fossavatnet****Hovudtype** Ferskvatn/våtmark**Areal** 4,8 da**Undertype** Mudderbankar (E02)**Verdi** C - lokalt viktig**Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering**

Fossavatnet ligg på vestsida av riksvegen og er ein del av vassdraget som munnar ut i indre del av Fjellspollen. I den nordlege bukta av vatnet er det fast botn av finkorna sand iblanda grus og stein. Her er det kortskotstrand med mykje tjønngras, medan botnegras veks meir spreidd.

Karakteristiske artar

Tjønngras *Littorella uniflora*
 botnegras *Lobelia dortmanna*
 flaskestarr *Carex rostrata*

Inngrep og aktuelle trugsmål

Det gror att med buskar og skog i kanten av vatnet.

Registrert av Bjørn Moe**Dato** 18.09.2001

Lokalitet 41 Oldervatnet

| | | | |
|-----------|--------------------------|-------|------------------|
| Hovudtype | Myr | Areal | 45 da |
| Undertype | Intakt lavlandsmyr (A01) | Verdi | A - svært viktig |

Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Lokaliteten ligg mellom Oldervadet og Fossavatnet og er ein del av vassdraget som drenerer ut i indre Fjellspollen. Eit stort og intakt myrområde (om lag 500 x 100 m) dekker denne flata som er omgitt av eit kupert landskap av kystlynghei. Myra slik ho framstår i dag er resultatet av ei vegetasjonsutvikling gjennom fleire tusen år. Det var eit stort vann der myra ligg, men gjennom stadig attgroing er vatnet no omlag halvparten av det opphavelige arealet. Dagens tilstand med ei delvis attgrodd myr og eit stilleflytande vassdrag som buktar seg gjennom torva, gjer dette til eit levande myrlandskap med stor verneverdi. Der det er størst gjennomstrømning av vatn, blir det danna parti med stor erosjon i torva. I stille bakevjer skjer det ei attgroing.

Vegetasjonen på myra er bestemt av kva stadie i attgroingen som er representert. Lausbotn og mjukmatter er strukturar eller nivå der torva ikkje er berande, og det er berre eit laust dekke av myrplantar, slik som kvitmyrak, brunmyrak og myrkråkefot (dei to sistnemnde artane er sjeldne i kommunen). Fastmatter er nivået der torva er berande og vegetasjonen innehold til dømes rome og pors. Tuer er det høgste nivået og finst der torva er tjukk og kompakt, gjerne i den ytre kanten av myra.

Myrvegetasjonen på denne lokaliteten er uvanleg variert pga. dynamikken i torvdanninga og dei mange ulike stadia som er representert.

Karakteristiske arter

| | | |
|--|--------------------------------------|---|
| Myrkråkefot <i>Lycopodiella inundata</i> | småpigknopp <i>Sparganium natans</i> | dystarr <i>Carex limosa</i> |
| kvitmyrak <i>Rhynchospora alba</i> | blåknapp <i>Succisa pratensis</i> | slåtestarr <i>Carex nigra</i> |
| brunmyrak <i>Rhynchospora fusca</i> | tettegras <i>Pinguicula vulgaris</i> | sivblom <i>Scheuchzeria palustris</i> |
| blåtopp <i>Molinia caerulea</i> | rome <i>Narthecium ossifragum</i> | dikesoldogg <i>Drosera intermedia</i> |
| klokelyng <i>Erica tetralix</i> | trådstarr <i>Carex lasiocarpa</i> | rundsoldogg <i>Drosera rotundifolia</i> |
| øyrevier <i>Salix aurita</i> | stjernestarr <i>Carex echinata</i> | kvit nøkkerose <i>Nymphaea alba</i> |
| pors <i>Myrica gale</i> | flaskestarr <i>Carex rostrata</i> | vanlig tjønnaks <i>Potamogeton natans</i> |
| torvull <i>Eriophorum vaginatum</i> | tvebuskarr <i>Carex dioica</i> | bukkeblad <i>Menyanthes trifoliata</i> |
| duskull <i>Eriophorum angustifolium</i> | kornstarr <i>Carex panicea</i> | gytjeblærerot <i>Utricularia intermedia</i> |

Registrert av Bjørn Moe

Dato 18.09.2001

Lokalitet 42 Tellnespollen

| | | | |
|-----------|-------------------------------|-------|-------------------|
| Hovudtype | Kyst og havstrand | Areal | 1,8 da |
| Undertype | Strandeng og strandsump (G05) | Verdi | C - lokalt viktig |

Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Tellnespollen er ein smal poll som strekker seg omlag ein kilometer nordover frå sjøen i indre del av Skogsvågen.

Lokaliteten ligg inst i pollen der saltvasspåverknaden er relativt liten. Ein bekk frå nord renn ut på ei flate og bidrar til brakkvasspåverknad. Stranda ligg lunt til og er godt skjerma, omgitt av litt skog, særleg bjørkeskog.

Stranda er langgrunn og har ein gjørmete botn pga. det leirholdige materialet. Her er i tillegg grus og sand. Havsviks er ein karakteristisk art i slike miljø, men arten er nokså sjeldan i Fjell.

Vegetasjonen er påvirket av sauebeitning.

Karakteristiske arter

| | | |
|--|---|-------------------------------------|
| Havsviks <i>Schoenoplectus maritimus</i> | strandkjempeslak <i>Plantago maritima</i> | følblom <i>Leontodon autumnalis</i> |
| saltsiv <i>Juncus gerardii</i> | gåsemure <i>Potentilla anserina</i> | |

Registrert av Alv Terje Fotland

Dato 03.09.1996

Lokalitet 43 Haganesvika

| | | | |
|-----------|-------------------------------|-------|-------------------|
| Hovudtype | Kyst og havstrand | Areal | 14 da |
| Undertype | Strandeng og strandsump (G05) | Verdi | C - lokalt viktig |

Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Haganesvika ligg lengst sør aust i Fjell kommune, inst i ei bukt mellom Raunefjorden og Skogsvågen. Strandområdet er relativt stort og strekkjer seg frå sjøen og drøyt 100 meter innover land. Både strandeng og strandsump er godt

representert, til dels med frodige vegetasjonstypar med høge stauder og gras. Eit par mindre bekkar skjer gjennom strandflata og gir eit allsidig miljø av både salt- og ferskvasspåverknad. Indre del av området innehold restar av eit gammalt kulturlandskap med engvegetasjon og grasmark. Desse markane er no i ein attgroingsfase mot stadig meir buskar og kratt.

Etter at Lundberg registrerte lokaliteten midt på 1980-tallet har det skjedd store endringar på lokaliteten. Området er tilrettelagt med grøfting, massepåfyll, etablering av gangveg og bru og planting av kulturplantar (valmuer). Sjølv om området har mista mykje av særpreget sitt, er den opprinnelige strandvegetasjonen framleis godt representert.

Karakteristiske artar

| | | |
|---|---|--------------------------------------|
| Mjødurt <i>Filipendula ulmaria</i> | havsviks <i>Schoenoplectus maritimus</i> | myrhatt <i>Potentilla palustris</i> |
| vendelrot <i>Valeriana sambucifolia</i> | fjøresaltgras <i>Puccinellia maritima</i> | tiriltunge <i>Lotus corniculatus</i> |
| stolpestarr <i>Carex juncella</i> | strandør <i>Phalaris arundinacea</i> | hanekam <i>Lychnis flos-cuculi</i> |
| fredlaus <i>Lysimachia vulgaris</i> | sløke <i>Angelica sylvestris</i> | fuglevikke <i>Vicia cracca</i> |
| fjøresaulauk <i>Triglochin maritima</i> | | |

Inngrep og aktuelle trugsål

Grøfting og fyllmasser til ein gangveg har redusert naturverdien. Det er også blitt laget ein parkbro og satt ut kulturplanter (valmuer).

Litteratur

Lundberg, A. 1992. Havstrand i Hordaland. Regionale trekk og verneverdiar. - DN-rapport 1992-2. 181 s.

Registrert av Anders Lundberg, Alv Terje Fotland

Dato 1985, 1996

Lokalitet 44 Storsteinen

| | | | |
|-----------|------------------------|-------|------------|
| Hovudtype | Skog | Areal | 63 da |
| Undertype | Rik edellauvskog (F01) | Verdi | B - viktig |

Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Lokaliteten ligg aust for Fjell kyrje i ei bratt li, 50-150 moh. Lia er ca. 500 m i utstrekning og eksponert rett mot vest. Lia ligg lunt til inn mot den bratte fjellsida. Lokaliteten grensar mot jordbruksmark og stadvis mot plantefelt med gran. Skogen står på rasmateriale, og det er mykje stein og andre lausmassar som gjer jorda ustabil. I lia ligg det fleire hyller som utgjer avsatsar skilt av bratte berghamarar. Dette gjer at skogen er nokså tungt tilgjengeleg.

Skogen har eit rikt utval av treslag, og alle dei karakteristiske edellauvtreslaga ask, alm, lind og hassel er representert. Hassel er kanskje den vanlegaste og dannar fleire stader tettvaksne kratt. Lind er særleg godt tilpassa å vekse på hyllene. Det finst òg fleire gamle bjørketre og nokre store seljer her. Desse lyskrevjande pionertrea må vere etablert i ein fase då skogen var meir open enn i dag. Mange av edellauvtrear er relativt unge.

Vegetasjonen i skogbotnen er helst lite utvikla, dels pga. ustabil jordsmonn, men òg fordi hjorten påfører skogbotnen mykje trakk og slitasje. Storfrytle er ein viktig art som er med på å binde jorda og vegetasjonen. Elles er det i dei rikare delane av området registrert karakteristiske artar som kusymre, myske, svartburkne og skogvikke.

Karakteristiske artar

| | | |
|---------------------------------------|--|---|
| ask <i>Fraxinus excelsior</i> | legeveronika <i>Veronica officinalis</i> | brunrot <i>Scrophularia nodosa</i> |
| alm <i>Ulmus glabra</i> | tveskjeggveronika <i>Veronica chamaedrys</i> | stankstorkenebb <i>Geranium robertianum</i> |
| lind <i>Tilia cordata</i> | skogfiol <i>Viola riviniana</i> | vivendel <i>Lonicera periclymenum</i> |
| hassel <i>Corylus avellana</i> | lundrapp <i>Poa nemoralis</i> | storfrytle <i>Luzula syvatica</i> |
| platanlønn <i>Acer pseudoplatanus</i> | kusymre <i>Primula vulgaris</i> | jordnøtt <i>Conopodium majus</i> |
| hegg <i>Prunus padus</i> | svartburkne <i>Asplenium trichomanes</i> | liljekonvall <i>Convallaria majalis</i> |
| skogvikke <i>Vicia sylvatica</i> | myske <i>Galium odoratum</i> | |

Inngrep og aktuelle trugsål

Granplanting gir skugge og konkurrerer ut dei stadeigne treslaga. Kulturskog er særleg uheldig her sidan denne edellauvskogen er såpass liten.

Aktuelle forvaltingstiltak

Hogge ut planta gran.

Registrert av Bjørn Moe

Dato 31.08.2001

Lokalitet 45 Bildebekken

Hovudtype Skog

Areal 0,5 da

Undertype Bekkekløfter (F09)

Verdi B - viktig

Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Bildebekken kjem frå Bildevatnet og renn rett nordover på austsida av Bildefjellet. Bekken er djupt nedskoren i ei trang kløft og omgitt av spreidd skog, særleg bjørkeskog. Lokaliteten ligg ca. 100 moh. Kløfta består av steile bergveggar på ca. 10 meters høge. Berget vender delvis mot nord, noko som gir mykje skugge og høg luftfukt. Det kjem òg sigevatn frå torva ovenfor, særleg etter periodar med mykje nedbør.

Ein stor førekost med hinnebregne dekker til saman 2-3 m², og planten veks i fleire, spreidde tuer. Her er òg ei rekkje oseaniske mosar som krev høg luftfukt.

Registrerte raudlisteartar

Hinnebregne *Hymenophyllum wilsonii*

Karakteristiske artar

| | | |
|---|--|---|
| Stripefoldmose <i>Diplophyllum albicans</i> | raudmuslingmose <i>Mylia taylorii</i> | gullhårmose <i>Breutelia chrysocoma</i> |
| vingemose <i>Douinia ovata</i> | kysttvebladmose <i>Scapania gracilis</i> | |
| heimose <i>Anastrepta orcadensis</i> | storstylte <i>Bazzania trilobata</i> | |

Inngrep og aktuelle trugsmål

Regulering av Bildevatnet gir endring av miljøet i bekken, noko som kan påverke luftfukta i kløfta.

Registrert av Bjørn Moe

Dato 27.09.2001

Lokalitet 46 Eidet

Hovudtype Kyst og havstrand

Areal 2,9 da

Undertype Strandeng og strandsump (G05)

Verdi B - viktig

Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Lokaliteten er det nordvendte av to strandområda mellom Hovden og nordre Ekrhovda. Det er ei relativt open bukt som ligg utsett til for nordlege vindretningar. Lausmassane består av eit nokså grovt materiale av stein, grus og spreidde blokker. Omlag midt på stranda går eit berg ut i sjøen. På dette strandberget veks det typiske, vanlege artar som fjørekoll, kystbergknapp, tiriltunge, strandkjeks og geitsvingel.

Vegetasjonen på lausmassane kan delast i soner. Nedst ved sjøen står plantane spreidde, utan noko samanhengande plantedekke. Karakteristiske artar her er skjørbuksurt, fjøresaltgras og strandstjerne. Spreidd pollpryd (*Codium*) vitnar om at lokaliteten er forholdsvis lite eksponert mot grov sjø. Noko høgare oppe på stranda er det tettare vegetasjon av urter og gras, men likevel små parti med open sand og grus. Pusleblom veks like over der høgvatnet til vanleg går inn på stranda, men springfloa går over dette nivået. Andre interessante artar er havstarr og musestarr. Lokaliteten er artsrik, men det er stort sett vanlege strandplanter som inngår. I epilittoral sone, over det høgaste tidevatnet, dannar mjødurt eit tett belte på 10-15 meters breidde.

Registrerte raudlisteartar

Pusleblom *Anagallis minima* (DC)

Karakteristiske artar

| | | |
|---|---|--|
| Skjørbuksurt <i>Cochlearia officinalis</i> | gåsemure <i>Potentilla anserina</i> | musestarr <i>Carex serotina</i> ssp. <i>scandinavica</i> |
| fjøresaulauk <i>Triglochin maritima</i> | hanekam <i>Lychnis flos-cuculi</i> | grønstarr <i>Carex demissa</i> |
| strandstjerne <i>Aster tripolium</i> | fjørekoll <i>Armeria maritima</i> | saltsiv <i>Juncus gerardii</i> |
| fjøresaltgras <i>Puccinellia maritima</i> | krypkvein <i>Agrostis stolonifera</i> | småengkall <i>Rhinanthus minor</i> |
| strandkjempe <i>Plantago maritima</i> | raudsvingel <i>Festuca rubra</i> | kystbergknapp <i>Sedum anglicum</i> |
| strandstjerne <i>Glaux maritima</i> | hestehavre <i>Arrhenatherum elatius</i> | strandkjeks <i>Ligusticum scoticum</i> |
| skjoldberar <i>Scutellaria galericulata</i> | rustsivaks <i>Blysmus rufus</i> | mjødurt <i>Filipendula ulmaria</i> |
| knopparve <i>Sagina nodosa</i> | havstarr <i>Carex paleacea</i> | klengemaure <i>Galium aparine</i> |

Inngrep og aktuelle trugsmål

Det går ein skogsveg like ved stranda over til Hovden.

Registrert av Bjørn Moe

Dato 27.09.2001

Lokalitet 47 Søre Ekrhovda

Hovudtype Skog

Areal 9,5 da

Undertype Rik edellauvskog (F01)

Verdi C - lokalt viktig

Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Ved sør Ekrhovda, på nedsida av vegen med grense til sjøen, ligg det ein liten edellauvskog. Den består av nokre storvokste asketre med ca. 30 m høge stammar og ein diameter på 1 m. Trea har ein naturleg fasong, utan teikn på styving. Dei store dimensjonene kan skuldast gode vekstforhold, og trea treng ikkje vere særlig gamle (truleg mindre enn 100 år). Vegetasjonen er heilt triviell og består av artar som er vanlege i dei fleste edellauvskogar. Ein del av skogen har tidlegare vore kulturlandskap, og her er nokre frukttre som er i ferd med å gro att av buskar og kratt av hegg, hassel, platanlønn og ask. Her er òg restar etter fleire gamle murar.

Karakteristiske artar

Ask *Fraxinus excelsior*

stornesle *Urtica dioica*

vendelrot *Valeriana sambucifolia*

hassel *Corylus avellana*

hundekjeks *Anthriscus sylvestris*

krattmjølke *Epilobium montanum*

hegg *Prunus padus*

kranskonvall *Polygonatum*

skogburkne *Athyrium filix-femina*

kratthumleblom *Geum urbanum*

verticillatum

Registrert av Bjørn Moe

Dato 27.09.2001

Lokalitet 48 Nordravatnet

Hovudtype Ferskvatn/våmark

Areal 15,5 da

Undertype Rike kulturlandskapssjøar (E08), Mudderbankar (E02)

Verdi C - lokalt viktig

Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Storavatnet er eit 2 km langt vatn som ligg ovanfor Kollveit, like vest for riksvegen. Vatnet grensar til lynghei og beitemark. Nordravatnet utgjer den nordlege delen av Storavatnet som består av fleire grunne bukter og små vikar. I bukta lengst nordaust i vatnet er det stadvis ein nokså mudra botn med finkorna materiale. Ved lav vasstand kjem det fram ei kortskotstrand med store mengder av tjønngras og krypsiv, medan botnegras og grøftesoleie førekjem meir spreidd. Den delen av bukta som ligg nærmest vegen inneholder ein meir tettvokst sumpvegetasjon med karakteristiske artar som flaskestarr, elvesnelle og hesterumpe.

Nordravatnet har ein artsrik og variert vegetasjon med fine soneringar, men med sumpplantar som er vanlege elles i kommunen.

Karakteristiske artar

tjønngras *Littorella uniflora*

trädsiv *Juncus filiformis*

amerikamjølke *Epilobium adenocaulon*

hesterumpe *Hippuris vulgaris*

krypsiv *Juncus supinus*

myrmjølke *Epilobium palustre*

vanlig tjønnaks *Potamogeton natans*

grøftesoleie *Ranunculus flammula*

flaskestarr *Carex rostrata*

myrhatt *Potentilla palustris*

elvesnelle *Equisetum fluviatile*

dikevasshår *Callitricha stagnalis*

gytjeblærerot *Utricularia intermedia*

soleinøkkerose *Nuphar pumila*

flotgras *Sparganium angustifolium*

botnegras *Lobelia dortmanna*

mannasøtgras *Glyceria fluitans*

tusenblad *Myriophyllum alterniflorum*

vasspepper *Polygonum hydropiper*

Litteratur

Håland, A., Mjøs, A. T. og Måren, I. E. 2000. Ny fylkesveg Kollveit-Ågotnes, Fjell kommune. Kartlegging og verdivurdering av områder viktige for flora og fauna, med hovedvekt på fugl. – NNI rapport nr. 60.

Registrert av Bjørn Moe

Dato 10.09.2001

Lokalitet 49 Skiparmyra

Hovudtype Myr

Areal 8,9 da

Undertype Rikmyr (A05)

Verdi B - viktig

Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Skiparmyra ligg nord for Morland og består av eit myrområde på om lag 150 meters utstrekning. Myra drenerer vestover i ein liten bekk som munnar ut mot Morlandsvatnet. Dette er ei attgroingsmyr som tidlegare har vore ei større tjørn, men som i dag er nesten fylt opp med torv. Berre 10 x 10 meter er att av tjørnet. Det har grodd att med torv på kantene i takt med ein kontinuerlig attgroing frå sidene. Myrvegetasjonen er dominert av ein rekke starrartar, særlig trådstarr,

tvebustarr, dystarr og flaskestarr. Det er ei fin sonering frå mjukmattene i den blautaste delen av myra til tuene ut mot kanten. Tvebustarr og myrsaulauk er artar som indikerar næringsrik torv eller rikmyr som er ein sjeldan type myr i Fjell.

Karakteristiske artar

| | | |
|--|---|--|
| Myrsaulauk <i>Triglochin palustris</i> | pors <i>Myrica gale</i> | tranebær <i>Vaccinium oxycoccus</i> |
| tvebustarr <i>Carex dioica</i> | rundsoldogg <i>Drosera rotundifolia</i> | kysttjønnaks <i>Potamogeton polygonifolius</i> |
| stjernestarr <i>Carex echinata</i> | dikesoldogg <i>Drosera intermedia</i> | småpiggnopp <i>Sparganium natans</i> |
| trådstarr <i>Carex lasiocarpa</i> | rome <i>Narthecium ossifragum</i> | bukkeblad <i>Menyanthes trifoliata</i> |
| dystarr <i>Carex limosa</i> | blåknapp <i>Succisa pratensis</i> | klokkeling <i>Erica tetralix</i> |
| slåttestarr <i>Carex nigra</i> | myrmjølke <i>Epilobium palustre</i> | elvesnelle <i>Equisetum fluviatile</i> |
| kornstarr <i>Carex panicea</i> | duskull <i>Eriophorum angustifolium</i> | krypsiv <i>Juncus supinus</i> |
| flaskestarr <i>Carex rostrata</i> | torvull <i>Eriophorum vaginatum</i> | grøftesoleie <i>Ranunculus flammula</i> |
| blåtopp <i>Molinia caerulea</i> | kvitmyrak <i>Rhynchospora alba</i> | gytjeblærerot <i>Utricularia intermedia</i> |

Inngrep og aktuelle trugsmål

Skogplanting med buskfuru påverkar myra.

Aktuelle forvaltingstiltak

Buskfuru som er planta sør og vest på myra bør hoggast. Trea trives dårlig i den fuktige torva og nokre av dei er døde.

Registrert av Bjørn Moe

Dato 21.09.2001

Lokalitet 50 Fjæreide

Hovudtype Skog

Areal 3,5 da

Undertype Rik edellauvskog (F01)

Verdi C - lokalt viktig

Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Lokaliteten ligg ved Fjæreide inst i Fjærepidpollen. I ei bratt skråning som vender mot vest og sørvest ligg ein liten edellauvskog ved foten av eit stup. I nedkant av skogen er det ei gammal kulturmark som held på å gro att med sølvbunke i tillegg til buskar og kratt. Det dominerende treslaget er hassel, medan tre av osp førekjem spredt, særleg nord i området. Her er også bjørketre som ragar over hasselen. Eik er berre registrert som busker på ein halv meters høgde og kan vere i spreiing i området.

Vegetasjonen er artsfattig og består av urter som er vanlege i dei fleste edellauvskogar. I bergveggen som skogen ligg ved veks det mykje krusfellmose *Neckera crispa*.

Karakteristiske artar

| | | |
|---|---|--|
| Hassel <i>Corylus avellana</i> | tveskjeggveronika <i>Veronica chamaedrys</i> | sumphaukeskjegg <i>Crepis paludosa</i> |
| hegg <i>Prunus padus</i> | skogfiol <i>Viola riviniana</i> | hengeaks <i>Melica nutans</i> |
| eik <i>Quercus</i> sp. | krattmjølke <i>Epilobium montanum</i> | vivendel <i>Lonicera periclymenum</i> |
| liljekonvall <i>Convallaria majalis</i> | kranskonvall <i>Polygonatum verticillatum</i> | krattlodnegras <i>Geum urbanum</i> |
| markjordbær <i>Fragaria vesca</i> | storfrytle <i>Luzula sylvatica</i> | teiebær <i>Rubus saxatilis</i> |

Inngrep og aktuelle trugsmål

Liten skog som blir mykje påverka av kanteffektar. Det er dumpa boss frå stupet og ned i skogen.

Registrert av Bjørn Moe

Dato 21.09.2001

Lokalitet 51 Søre Knappavågen

Hovudtype Kyst og havstrand

Areal 3,6 da

Undertype Strandeng og strandsump (G05)

Verdi C - lokalt viktig

Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Knappavågen er ein godt skjerma våg på austsida av Sotra. Ei mindre bukt som ligg nesten heilt avsnørt frå vågen inneheld eit intakt strandområde. Stranda grensar til lynghei og skog med bjørk, furu og sitkagran. Skogen er ung og er eit resultat av attgroing i seinere tid. Pors er ein vanleg busk på indre del av stranda. Sjølve stranda dannar ei 2-5 meter brei sone og består mest av finkorna materiale, med sand og litt leire iblanda noko grus. Strandvegetasjonen er stort sett homogen med lite variasjon i artssamsetjinga. Lengst i nord renn det ut ein liten bekk, og her er det ein førekomst av rustsivaks. Dei registrerte artane er heilt vanlege strandplanter i Fjell.

Karakteristiske artar

Fjøresaulauk *Triglochin maritima*
myrsaulauk *Triglochin palustris*
krypkvein *Agrostis stolonifera*
raudsvingel *Festuca rubra*
strandkryp *Glaux maritima*

saltsiv *Juncus gerardii*
trädsiv *Juncus filiformis*
fjørekoll *Armeria maritima*
strandkjempe *Plantago maritima*

musestarr *Carex serotina* ssp. *pulchella*
slåttestarr *Carex nigra*
rustsivaks *Blysmus rufus*
fjøresivaks *Eleocharis uniglumis*

Registrert av Bjørn Moe**Dato** 21.09.2001**Lokalitet 52 Nordre Knappavågen****Hovudtype** Rasmark, berg og kantkratt**Areal** 0,4 da**Undertype** Nordvendte berg (H00 - Andre viktige førekomstar)**Verdi** C - lokalt viktig**Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering**

Innst i Nordre Knappavågen ligg det ei bergskåre nokre få meter ovanfor sjømålet. Bergskåra er eksponert mot nord og omgitt av llynghei med røsslyng, krepling, einer, blåbær og tyttebær. Den høge luftfukta og fråveret av direkte innstråling gir vekstgrunnlag for hinnebregne og flere oceaniske mosar.

Registrerte raudlisteartarHinnebregne *Hymenophyllum wilsonii* (DC)**Karakteristiske artar**

Dvergjamne *Selaginella selaginoides*
heigråmose *Racomitrium lanuginosum*

raudmuslingmose *Mylia taylorii*
stripefoldmose *Diplophyllum albicans*

kysttvebladmose *Scapania gracilis*
kysttornemose *Mnium hornum*

Registrert av Bjørn Moe**Dato** 21.09.2001**Lokalitet 53 Vadet****Hovudtype** Ferskvatn/våtmark**Areal** 9,4 da**Undertype** Rike kulturlandskapssjør (E08)**Verdi** C - lokalt viktig**Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering**

Våtmarksområdet Vadet ligg ved Landro, på motsatt side av vegen i forhold til kyrkja. Lokaliteten er omgitt av eit kulturlandskap med beitemark, slåttemark og litt skog. Midt i området ligg eit tjørn som inneholder store mengder takrøyrr. Dette store graset veks både ute i vatnet og i sumpen heilt inn mot beitemarka. Dette er truleg den største populasjonen av takrøyrr i Fjell kommune.

Karakteristiske artar

Takrøyrr *Phragmites australis*
elvsnelle *Equisetum fluviatile*

bukkeblad *Menyanthes trifoliata*
myrmjølke *Epilobium palustre*

trådstarr *Carex lasiocarpa*
myrhatt *Potentilla palustris*

Registrert av Bjørn Moe**Dato** 11.09.2001**Lokalitet 54 Søre Skarvbogvika****Hovudtype** Kyst og havstrand**Areal** 1 da**Undertype** Strandeng og strandsump (G05)**Verdi** C - lokalt viktig**Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering**

Skarvbogen er eit nes som stikk ut frå den søraustlige delen av Vindeneshalvøya. Sør på dette neset ligg bukta Skarvbogvika. Lausmassane består av mest grus og ein del sand, steinar og nokre blokker. I vegetasjonen er det fleire nitrofile artar som dreg nytte av råtnande tang mellom steinane. Ein typisk og litt sjeldent art er havsivaks. Dei øvrige strandplantane er svært vanlege i Fjell.

Karakteristiske artar

Tangmelde *Atriplex prostrata*
strandkjeks *Ligusticum scoticum*

klengemaure *Galium aparine*
strandrug *Leymus arenarius*

havsivaks *Schoenoplectus maritimus*
krushøymol *Rumex crispus*

Registrert av Alv Terje Fotland**Dato** 08.07.1998

Lokalitet 55 Tørkeviktjørna

Hovudtype Ferskvatn/våtmark
Undertype Rike kulturlandskapssjør (E08)

Areal 11 da
Verdi C - lokalt viktig

Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Tørkeviktjørna ligg like ved Eide avfallsdeponi. Det er eit ca. 300 m langt vatn som har grense mot llynghei. Nokre stader er det fastmark med røsslyng heilt til vasskanten. I nord går det blaute starrsumper ut i vatnet, mest flaskestarr og trådstarr. På vestsida veks det takrøy i ei lita bukt.

Karakteristiske artar

| | | |
|---|-----------------------------------|--|
| Takrøy <i>Phragmites australis</i> | blærerot <i>Utricularia</i> sp. | trådstarr <i>Carex lasiocarpa</i> |
| botnegras <i>Lobelia dortmanna</i> | brasmegras <i>Isoetes</i> sp. | sumpsivaks <i>Eleocharis palustris</i> |
| grøftesoleie <i>Ranunculus flammula</i> | flaskestarr <i>Carex rostrata</i> | |

Inngrep og aktuelle trugsmål

Støy og innsyn til Eide deponi og gjenvinning. Granplanting i sør.

Registrert av Alv Terje Fotland

Dato 13.09.1996

Lokalitet 56 Steinsvika

Hovudtype Kyst og havstrand
Undertype Sandstrender (G04) (grus og stein)

Areal 3,4 da
Verdi B - viktig

Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Steinsvika ligg på vestsida av øya Geitanger. Lausmassane i strandkanten består av grus og stein som er uvanleg godt avrunda. Dei er avsette under breframstøten i yngre Dryas (Ra-morenen). Lokaliteten er kvartærgeologisk interessant, og naturverdiane er spesielt knytte til dette. Det er sparsomt med vegetasjon på stranda.

Karakteristiske artar

Tangmelde *Atriplex prostrata*, klengemaure *Galium aparine*, vendelrot *Valeriana sambucifolia*, krushøymol *Rumex crispus*

Inngrep og aktuelle trugsmål

Innsamling av stein som er uvanlig godt runda.

Aktuelle forvaltingstiltak

